


# Barnehagelærerutdanninga i reform Studenterfaringar 2014-2016

Samlerapport  
Studenterfaringar med  
FLU/BLU-reforma  
2017

Tom Skauge  
Olav Kvitastein  
Hanne Sjøvold Hansen



Illustrasjon på første og siste side:  
Åshild Kanstad Johnsen til boken  
*God natt, Ers Majestät*  
av Villemo Linngård Oksanen.  
2015, Natur & Kultur

# Barnehagelærerutdanninga i reform Studenterfaringar 2014-2016

Samlerapport. Studenterfaringar med FLU/BLU-reforma

Bergen 2017

Tom Skauge, Olav Kvitastein  
og Hanne Sjøvold Hansen



ISBN: 978-82-7709-213-3

## Innhald

Samandrag .....	5
1 Innleiing .....	7
2 Profesjons- og organisasjonsinntak på studentevalueringa - empirisk og teoretisk ramme	8
3 Datagrunnlag og metode .....	12
3.1 Vurdering av fråfall .....	16
3.2 Oppsummering av datakvalitet .....	18
4 God undervisningskvalitet, men reformsmell .....	19
4.1 Fagleg utbytte .....	19
4.2 Fagleg vektlegging .....	27
4.3 Fire kompetanseområde .....	32
4.3.1 Kommunikativ læring .....	32
4.3.2 Læring for barnehagens samfunnsmandat .....	33
4.3.3 Læring for leiing .....	33
4.3.4 Læring for planlegging, organisering og vurdering .....	34
4.4 Summert opp .....	35
5 Motivasjon .....	36
6 Kva kan forklare variasjon i tilfredshet med reforma? .....	38
6.1 Faglig utbytte – der du er .....	38
6.2 Faglig utbytte – der du kjem i frå .....	40
7 Profesjonsorientering – der studentane ynskjer seg .....	44
Sluttnoter .....	50
Vedlegg 1 .....	52
Vedlegg 2 .....	69

## Tabellar

Tabell 3.1 Svar og svarprosent 2014, 2015, 2016 .....	13
Tabell 3.2 Svarfordeling barnehagelærer (BLU) og førskulelærerutdanning (FLU) .....	13
Tabell 3.3 Returnerte spørjeskjema 2014, 2015 og 2016 .....	14
Tabell 3.4 Fordeling av svar 2014, 2015 og 2016.....	14
Tabell 3.5 Svar etter utdanning og klasstrinn .....	15
Tabell 3.6 Bortfall av skjema i høve til respondentar.....	17
Tabell 3.7 Over - eller underrespons i høve til venta .....	18
Tabell 4.1 Indikatorar for studiekvalitet – Barnehagelærerutdanninga (BLU).....	20
Tabell 4.2 Indikatorar for studiekvalitet - 2014-2016.....	23
Tabell 4.3 Er studentane nøgde? - Samleindikator for fagleg utbytte .....	24
Tabell 4.4 Fagleg utbytte fordelt på klasstrinn.....	26
Tabell 4.5 Fagleg utbytte etter klasstrinn - panel.....	26
Tabell 4.6 Kva fagelement er studentane eksponert for - BLU .....	30
Tabell 4.7 Kva fagelement er studentane eksponert for -Panel BLU .....	31
Tabell 4.8 Sentrale omgrep - BLU .....	35
Tabell 5.1 Indre og ytre motivasjon BLU .....	36
Tabell 6.1:Fagleg utbytte BLU versus der studenten kjem frå (alder, kjønn, urbanitet, yrkeserfaring, mor og fars utdanning). .....	41
Tabell 6.2: Fagleg utbytte FLU versus der studenten kjem frå (alder, kjønn, urbanitet, yrkeserfaring, mor og fars utdanning). .....	41
Tabell 7.1: Konstruksjon av tre omgrep for profesjonsorientering.....	45
Tabell 7.2: Profesjonsorientering BLU .....	46
Tabell 7.3: Profesjonsorientering FLU.....	46
Tabell 7.4: Profesjonsambisjonar BLU .....	47
Tabell 7.5: Profesjonsambisjonar FLU.....	48
Tabell 7.6: Nomadeorientering BLU .....	49
Tabell 7.7: Nomadeorientering FLU .....	49

## Figurar

Figur 3.1 Svar over fleire undersøkingar .....	14
Figur 4.1 Er studentane nøgde? – indikator for fagleg utbytte over tre år. ....	25
Figur 5.1 Motivasjon versus fagleg utbytte.....	37
Figur 6.1 Studentane sine faglege utbytte i BLU og FLU fordelt etter storleik på institusjonen .....	39
Figur 6.2: Studentane sine faglege utbytte i BLU fordelt etter kjønn .....	42
Figur 6.3: Studentane sine faglege utbytte i FLU fordelt etter kjønn .....	43

## Samandrag<sup>1</sup>

Rapporten viser sentrale funn frå studentevaluering av BLU-reforma. Vi har nytta spørjeundersøking til alle studentane ved 19 utdanningsinstitusjonar<sup>2</sup> med førskule- (FLU) og barnehagelærerutdanning (BLU) i tre bolkar. Vår 2014, 2015 og 2016 spurte vi med QuestBack om studentane sine erfaringar frå reformåra med barnehagelærerutdanninga. 6410 studentar har svart.

Studentane har erfart godt fagleg utbytte frå studiet. Dette melder både studentar som er i FLU-utdanninga under avvikling og BLU-studentane som går på det reformerte undervisningstiltaket. For BLU-studentane varierte erfaringane frå høge gjennomsnittskår på relevans for praksis og kunnskapsområda som inngår i studiet, til svakare vurdering av balanse mellom arbeidsformene. Med den same skala frå 1 til 5 fekk faglitteratur og faglærer god omtale med eit gjennomsnitt på 4.

Studentevalueringa indikerer ein reformsmell frå 2014 til 2015. Studentane sine erfaringar med fagleg utbytte går markant ned. Tala er noko betre i 2016, men løfter seg ikkje opp på nivået som studentane melder i 2014.

Det er eit ope spørsmål om ein skal forventa gode reformresultat straks etter store endringar. Kanskje skal ein vente med å konkludere med om ein stor utdaningsreform har vore vellukka eller mislukka til det er gått 4-5 år.

Vi spurte studentane kva type kunnskap BLU-studentane vart eksponerte for i utdanninga. Svara viste store variasjonar frå fagelement som skåra høgt: «evne til omsorg, leik og samspel med borna», «kunnskap om barns utviklings- og danningprosessar», «fagkunnskap» og «samarbeidsevner» til fagelement som skåra lågt: «evne til å leie ei personalgruppe», «evne til å veilede andre», «kunnskap om digitale verktøy» og «kunnskap om born som lever i utsette livssituasjonar».

Motivasjon er ein viktig faktor i læring og i arbeid. BLU-studentane er markert sterkare indremotiverte av ynskje om å bidra til ein god barndom enn ytre-motiverte med vekt på løn, fritid mv. Vi fann sterk samvariasjon mellom styrken på studentane sin indre motivasjon og deira

---

<sup>1</sup> Rapporten er lagt ut på : <http://blu.hib.no/>

<sup>2</sup> I 2014 var det totalt 19 institusjonar. Våren 2016 var det 15 institusjonar med 19 campus.

erfaringar med fagleg utbytte. Motsett - var det klart svakare kopling mellom ytre-motivasjon og fagleg utbytte. Det var eit klart skilje på kjønn mellom studentane som var indre-motiverte – kvinner og studentane som var ytre-motiverte – menn.

For å finne mogelege forklaringar på variasjonar i erfart fagleg utbytte hadde vi laga et analyseskjema som skilde mellom biografivariable – *der studentane kjem ifrå*, variable som kan fortelje om konteksten til studentane sin utdanning – *der dei er* og variable for studentane sine planar for framtida – *der studentane ynskjer seg*.

Undervisningskonteksten gav klare utslag. Mindre institusjonar hadde studentar med betre erfaringar for fagleg utbytte enn store utdanningsinstitusjonar. Våre funn kan tyde på at «small is beautiful» i BLU-reforma. Kanskje har små lærestader større kapasitet for endring og innovasjon?

For biografivariablar var alder positivt medverkande til godt fagleg utbytte, medan yrkeserfaring frå sektoren overraskande nok verka negativt. Kjønn er viktig. Kvinner er klart meir positive enn menn.

Studentane sine planer for framtida har vi samla i omgrepa «profesjonsorientering», «profesjonsambisjonar» og «profesjonsnomade». Profesjonsorienteringa står sterkt og nomadeorienteringa står svakt. Dette gjev støtte til andre funn for barnehagelærarprofesjonen som tidlegare hadde nomadepreg – mange så utdanninga som starten på ei yrkeskarriere som kunne fortsette utanfor barnehagen. Profesjonsorientering samvarierer med alder, kjønn, fagleg utbytte og indre motivasjon.

## 1 Innleiing

Som ledd i arbeidet med å få kunnskap om den nye barnehagelærerutdanninga, vart det hausten 2013 semje om å gjennomføre ei årleg studentundersøking i perioden for følgjearbeidet. Siktemålet med undersøkinga er å samle studentane sine røynsler og evalueringar av studiet. Ein forskargruppe tilknytt Forum for profesjonsstudiar ved Høgskulen i Bergen (FORPRO<sup>3</sup>) har gjennomført tre spørjeundersøkingar. Undersøkinga var drøfta og godkjent av Føljegruppa for barnehagelærerutdanninga. I 2014, 2015 og 2016 vart alle studentar i førskulelærerutdanninga (FLU) og alle studentar i den nye barnehagelærerutdanninga (BLU) oppmoda om å dele sine erfaringar. Undersøkinga vart alle år, med små variasjonar, sendt ut i slutten av april med svarfrist ut mai.

Undersøkinga om BLU-reforma er inspirert av profesjonssosiologisk kunnskap og teori. Vi ser nærare på undervisninga og på utdanningsinstitusjonane ved hjelp av studentane sine blikk under utdanning. Harald Grimen har vist at kunnskapsgrunnlaget til profesjonane er eit samansett fenomen av «teoretiske innsikter frå forskjellige fagområder og praktiske ferdigheter og fortrolighet med konkrete situasjoner» (Grimen 2008:84). Vi legg til grunn at studentane er lærarane og høgskulane sine viktigaste brukarar og dermed ei viktig kjelde til kunnskap om brukartilfredsheit, kjelde til kunnskap om fagleg kvalitet og dialogpartnar for betre undervisning. Målet med studien er, gjennom studentbriller, å få kunnskap om i kva grad og på kva område reforma når sine mål. I tråd med eit utvida perspektiv på iverksetting er det viktig å registrere og fortolke viktig læring som skjer i samband med iverksettinga (Offerdal 1984). Vellukka iverksetting er ikkje eintydig med at dei opphavelige måla vart nådd. Det skjer viktig læring undervegs i prosessar for reform og innovasjon som gjer at vellukka iverksetting kan avvike frå dei opphavelige måla. Vellukka iverksetting treng ikkje vera lineær.

---

<sup>3</sup> [www.profesjon.no](http://www.profesjon.no)



## 2 Profesjons- og organisasjonsinntak på studentevalueringa - empirisk og teoretisk ramme

Barnehagen i Noreg skal være ein fleksibel velferdsordning, ein god barndomsarena og det første frivillige trinnet i utdanninga. «Tilretteleggingen og det pedagogiske arbeidet som foregår i barnehagen er helt avgjørende for hvordan barna trives og utvikler seg, og for at samarbeidet med foreldrene fungerer godt» (Kunnskapsdepartementet, 2013a:9).

Barnehageloven sin formålsparagraf (boks 1.1) gjev eit breitt samfunnsoppdrag med krav til «omsorg, lek, læring og danning». Den spesifiserer ein omfattande verdiforankring frå «kristen og humanistisk arv og tradisjon». Formålsparagrafen spesifiserer også barnas utbytte av møtet med barnehagen. Det er langt breiare enn «læringsutbytteomgrepet» som er blitt standard for planlegging av høgre utdanning (Kunnskapsdepartementet, 2014). I dei omfattande dannelsingsmåla skal barna (..) «lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.» Barnehagen skal også verdsette barndommens eigenverdi og formålsparagrafen reduserer aldri barnehagen til ein kunnskapsfabrikk for framtidig arbeidskraft.

### **Boks 1.1 Barnehagelovens formålsparagraf**

#### § 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Kilde: (Kunnskapsdepartementet 2013a: 8).

For iverksetting av det store barnehageløftet har Regjering og Storting valt å peike på personalet og deira kompetanse som ei avgjerande viktig faktor for kvalitet i barnehagen. Stortingsmeldinga om «Framtidas barnehage» (Kunnskapsdepartementet 2013a) presenterer eit eige kapittel 7 om personalets kompetanse. Regjeringa følgde opp med ein eigen strategi «Kompetanse for framtidens barnehage - Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020»: «Et godt barnehagetilbud for alle barn avhenger av personalets kompetanse. Bare kompetente ansatte kan sikre at barnehagen oppfyller sitt samfunnsmandat i tråd med barnehagens formål og rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver, jf. §§ 1, 2 og 3 i Barnehageloven.» (Kunnskapsdepartementet, 2013b:8). I strategien blir personalets kompetanse løfta fram som suksessfaktor nr.1 ved sida av kapasitetsbygginga av talet på plassar.

Ein enkel definisjon av profesjon er at slike yrkesgrupper har høgare utdanning (Eckhoff 1967). Førskule- (FLU) og barnehagelærar (BLU) har tre års høgskuleutdanning som sertifiserer for pedagogiske leiarstillingar i barnehagar. Eit mykje brukt perspektiv for å vurdere profesjonar som samfunnsaktørar, er kva relasjon utøvarane av profesjonen har til sine klientar/brukarar/kundar, til utdanning, forskning og annan kunnskapsproduksjon for eigen yrkespraksis og til andre legitime interessentar. Som viktige brukarar av barnehageprofesjonen sine utøvarar er det rimelig å gje forrang til barna og deira foreldre. Andre sentrale interessentar er stat og kommunar som i stor grad betalar for barnehagane og gjev rammer for og krav til kapasitet<sup>4</sup>. Arbeids- og næringsliv har interesser i at fleire personer kan vere yrkesaktive og det sivile samfunn har interesser i at oppveksande slekt har fått ei danning og eit verdigrunnlag som kan gje gode samfunnsborgarar. I denne rapporten er det studentane – dei nye profesjonsutøvarane – som vert studert. Dei vert studerte som primære brukarar av profesjons*utdanning*.

Det kan vere ein glidande overgang mellom universitetsutdanning og høgskuleutdanning som institusjonell ramme for profesjonsutdanning. Særleg gjeld dette i Noreg der fleire høgskular er blitt universitet utan at fagprofil i høgskulefaga er blitt vesentleg forandra frå undervisninga som blir gitt i høgskulane. Jens-Cristian Smeby foreslår, med referanse til sosiologen Ulf Torgersen, at innhaldet i (klassiske) universitetsstudiar er basert på ein kognitiv avgrensing av

---

<sup>4</sup> Om interessentbegrepet. Sjå Carson mfl. 2015, kap. 8

kunnskapsfeltet. Profesjonsstudiane er avgrensa utifrå relevans i den profesjonelle yrkesutøvinga (Smeby 2008: 88).

Ei hypotese i dette arbeidet er at kompetansen som høgskulane undervisar FLU- og BLU-studentane i, er sterkt prega av generalistkompetanse *heller* enn spesialistkompetanse. Med spesialistkompetanse forstår vi spissa kunnskap frå anerkjende disiplinfag. Med generalistkompetanse forstår vi kunnskapselement frå fleire ulike anerkjende disiplinfag eller faglege kunnskapsområder. Alternativt at kunnskapsgrunnlaget består av innsikt i ein lang rekke spesialistkompetansar. Men med tre års høgskuleopplæring kan innlæring av fleire spesialistkompetansar neppe gje den grundigheit som spesialistkompetanse med djupneinnsikt krev. Hovudargumentet for ei slik hypotese er det breie samfunnsoppdraget barnehagane har frå Barnehagelova. Det breie samfunnsoppdraget er ytterlegare forsterka i forskrifta for barnehagelærarutdanninga (Boks 1.2). Med slike omfattande mål er det krevjande å gje studentane kompetansar som er instrumentell(-e) i forhold til måloppnåing.

## **Boks 1.2: Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning (Vedlegg 1)**

### **§ 1. Virkeområde og formål**

(..)

Forskriftens formål er å sikre at institusjonene tilbyr integrert, profesjonsrettet og forskningsbasert barnehagelærerutdanning med høy faglig kvalitet og at det legges til rette for et forpliktende samspill mellom utdanningsinstitusjon og praksisfelt. (..)

Utdanningen skal sikre samspill mellom høy faglig, didaktisk og sosial kompetanse samt evne til profesjonsetisk refleksjon i pedagogisk arbeid med barn i barnehagen. Utdanningen skal vektlegge pedagogisk ledelse.

Utdanningen skal ta hensyn til barnehagens rolle for barns danning og for å ivareta barns allsidige utvikling.

Utdanningen skal vektlegge det økte mangfoldet i barnehagen, herunder økt andel barn under tre år, flere barn med særskilte behov og flere flerspråklige barn. Utdanningen skal vektlegge betydningen av samarbeid, forståelse og dialog med barnas hjem og andre instanser med ansvar for barns oppvekst.

Utdanningen skal bygge på forskningsbasert kunnskap som et grunnlag for profesjonsutøvelse og kontinuerlig profesjonell utvikling, og bidra til kritisk refleksjon og profesjonsforståelse. Barnehagelærerprofesjonen og barnehagen skal settes inn i en samfunnsmessig sammenheng. Utdanningen skal gi både et historisk, aktuelt og framtidsrettet perspektiv på yrket og barnehagens rolle som en del av utdanningsløpet. Internasjonale perspektiver skal integreres i utdanningen.

Utdanningen skal bidra til å fremme forståelse av menneskeverd og demokrati, særlig gjennom barns medvirkning og i tråd med verdigrunnlaget i barnehagens formålsbestemmelse i lov om barnehager av 17. juni 2005 nr. 64.

Utdanningen skal fremme forståelse for samiske kultur som en del av den nasjonale, og vektlegge urfolks status og rettigheter, både nasjonalt og internasjonalt.

Vår spørjeundersøking har vore bygd opp for å gje eit garn med masker som kan fange studentane sin oppfatning av utdanningskvalitet med bakgrunn i tanken om eit bredt og heterogent kunnskapsfelt.

Studentane si oppfatning av profesjonsutdanninga kan gje delkunnskap om ulike aspekt ved utdanninga, men den kan også i sum bidra til kunnskap om profesjonen sine brukarar, våre myndigheiter og det sivile samfunn kan ha tillit til at barnehagen er ein god stad å sende nesten alle barn i Noreg – «Den gode barnehagen» (Kunnskapsdepartementet 2013a: 9).

### 3 Datagrunnlag og metode

Vår evaluering hentar data frå kvantitativ analyse. Spørjeskjemaet er bygd opp slik at vi skal nå tak i studentane sine oppfatningar av utdanningskvalitet. Vi legg til grunn at barnehagelærardanninga byggjer på eit breitt og heterogent kunnskapsfelt. Vi spør om studentane si vurdering av utdanninga langs ulike dimensjonar og vi spør om oppfatning av kva kompetansar dei er blitt eksponert for i utdanninga. Studentane si oppfatning av profesjonsutdanninga kan gje delkunnskap om ulike aspekt ved utdanninga, men den kan også i sum bidra til kunnskap om utviklinga av barnehagelærarprofesjonen.

Tema for innsamling av erfaring frå studentane har vi gruppert i fire delar: A) Studentane sine vurderingar av, og erfaringar med, ulike sider ved utdanningstilbodet<sup>5</sup>. Vurdert som iverksettingsstudie er dette settet med avhengige variablar i undersøkinga. Vi valte også å undersøke tre sett uavhengige variablar: B) Trekk ved utdanningskonteksten – *der studentane er*. C) Trekk ved studentane sin sosiale biografi – *der dei kjem frå*. Og D) Trekk ved studentane sine utdanningsmål og ynskje for framtidig arbeidsliv – *der studentane ynskjer seg*. Tema B) er den sentrale strukturvariabelen i undersøkinga.

Dette er sluttrapporten frå studentundersøkinga. Vi presenterer resultat med data frå alle sentrale dimensjonar i undersøkinga. Men også i denne rapporten er evalueringsperspektivet sentralt: Hovudproblemstillinga er om studentane er nøgde med det nye studiet BLU langs ulike kunnskapsdimensjonar som følgjegruppa har valt å sjå nærare på.

Undersøkinga vi gjennomfører er godkjent av NSD. Av omsyn til muligheita for å samanlikne data frå dei tre åra, valde vi å behalde namna på institusjonane frå 2014, i undersøkinga i alle dei tre åra. Vi fekk tilsendt studentlister frå alle norske institusjonar for både barnehagelærar- og førskulelærarutdanninga. 4845 studentar fekk tilsendt spørjeskjema frå programmet QuestBack på e-post i 2014. 2250 studentar svarte. Spørjeundersøkinga vart sendt ut

---

<sup>5</sup> Spm. 60 og 73. Sjå vedlegg 2

12.4.2014 og avslutta 30.5.2014. I 2015 sendte vi spørjeskjema til 5966 studentar. Den var aktiv i mai. QuestBack-loggen viser at 5945 har motteke eposten. Vi fekk svar frå 1962. I 2016 sende vi spørjeskjema til 6173 studentar. 2198 svarte. Svarprosenten var 46 prosent i 2014, 33 prosent i 2015 og 36 prosent i 2016. Samla har vi fått 6410 svar i dei tre rundane. Tabell 3.1 viser akseptabel svarprosent for alle åra. Tabell 3.2 viser korleis svara fordeler seg på hovudgruppene, Barnehagelærerutdanninga (BLU) og Førskulelærerutdanninga (FLU).

Materialet er rikt på den måten at *alle* studentane under utdanning er gitt høve til å svara.

Tabell 3.1 Svar og svarprosent 2014, 2015, 2016

År	Populasjon	Svar(N)	Svarprosent
2014	4845	2250	46 %
2015	5945	1962	33 %
2016	6173	2198	36 %
	16963	6410	

Tabell 3.2 Svarfordeling barnehagelærer (BLU) og førskulelærerutdanning (FLU)

Namn	2014	2015	2016	N
Barnehagelærerutdanning (BLU)	44 %	64 %	96 %	4351
Førskulelærerutdanning (FLU)	56 %	36 %	4 %	2059
N =	2250	1962	2198	6410

Tabell 3.3 viser at mange studentar har vist interesse og svart på spørjeskjemaet fleire år på rad.


Tabell 3.4 viser den prosentvise fordelinga for dei som har svart i fleire omgangar og dermed gjev oss høve til å konstruera *sanne panel* for analyser av utviklinga over desse tre åra. Figur 3.1 viser fordeling på studentar som har svart eit eller fleire år illustrert som mengder. 220 studentar har delt sine røynsler i alle tre åra vi har henta inn data.

Tabell 3.3 Returnerte spørjeskjema 2014, 2015 og 2016

Panelstruktur	År for gjennomføring av undersøkning			N=
	2014	2015	2016	
Berre svart ein gang	1385	905	1466	3756
Svart i 2014 og 2015	485	485	0	970
Svart i 2015 og 2016	0	352	352	704
Svart i 2014 og 2016	160	0	160	320
Svart i 2014, 2015 og 2016	220	220	220	660
N =	2250	1962	2198	6410

Tabell 3.4 Fordeling av svar 2014, 2015 og 2016

Panelstruktur	Undrsøkinga gjennomført			Totalt
	2014	2015	2016	
Berre ein runde	21,6%	14,1%	22,9%	58,6%
2014-2015	7,6%	7,6%		15,1%
2015-2016		5,5%	5,5%	11,0%
2014 og 2016	2,5%		2,5%	5,0%
2014-2015-2016	3,4%	3,4%	3,4%	10,3%
Sum	35,1%	30,6%	34,3%	100,0%



Figur 3.1 Svar over fleire undersøkingar

Ser vi meir detaljert på svar over klassetrinn og type utdanning, viser

Tabell 3.5 korleis vi naturleg nok har flest respondentar i første klasse i barnehagelærerutdanninga (BLU) i undersøkinga i 2014 og tilsvarande flest respondentar frå dei høgare klassetrinna i førskulelærerutdanninga (FLU). Denne utviklinga er typisk for undersøkingane sett over treårs-perioden 2014-2016. Det vert fleire i barnehagelærerutdanninga og færre i førskuleutdanninga over endringsperioden. Det vitnar om engasjement at omtrent alle som har svart i alle tre rundar av undersøkingane er registrerte med årlege opprykk. Rotasjonen i utdanninga, nye studentar kjem, andre avsluttar studiet, set grenser for kven som kan svara i fleire omgangar ved gjentekne undersøkingar. Når relativt mange tek seg tid til å svara i fleire omgangar kan dette vera indikasjon på engasjement. I spørjeskjemaundersøkingar er engasjement avgjerande for å unngå tilfeldige, lite gjennomtenkte svar og såleis minst like viktig som svarprosent.

Tabell 3.5 Svar etter utdanning og klassetrinn

<i>Fordeling av svar</i>				<i>Prosentfordeling av svar</i>			
<b>Barnehagelærer</b>				<b>Barnehagelærer</b>			
<b>Klasse</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>Klasse</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
1. klasse	949	620	835	1. klasse	97,0 %	49,4 %	39,7 %
2. klasse	21	614	622	2. klasse	2,1 %	48,9 %	29,6 %
3. klasse	8	15	641	3. klasse	0,8 %	1,2 %	30,5 %
4. klasse	0	7	3	4. klasse	0,0 %	0,6 %	0,1 %
Sum	978	1256	2101	Sum	100,0 %	100,0 %	100,0 %

<b>Førskulelærer</b>				<b>Førskulelærer</b>			
<b>Klasse</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>Klasse</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
1. klasse	1	1	2	1. klasse	0,1 %	0,1 %	2,2 %
2. klasse	597	2	0	2. klasse	47,5 %	0,3 %	0,0 %
3. klasse	602	596	6	3. klasse	47,9 %	84,7 %	6,5 %
4. klasse	56	105	85	4. klasse	4,5 %	14,9 %	91,4 %
Sum	1256	704	93	Sum	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Totalt	2234	1960	2194				



### 3.1 Vurdering av fråfall

Svarprosent viser bortfall av heile skjema og indikerer korleis mottakarar av skjema har reagert, positivt eller negativt. Omfanget av kommersiell bruk av ulike web-baserte undersøkingar tilseier at avvising er ein forståeleg reaksjon. Fleire undersøkingar viser at sjølv låg premiering for deltaking, til dømes i form av invitasjon til lotteri, gjev positive utslag på svarprosent. Det er likevel tvilsamt om slik premiering gjev utteljing i form av engasjement og kvalitet på utfyllinga av skjemaet. Bortfall av fullstendige svar på enkeltspørsmål, den andre kjelda til skeivheiter, er avhengig av engasjement og at det vert stilt spørsmål som det både er mogeleg å svare på og som det er vilje til å svare på. Både i 2014, 2015 og 2016 hadde ca. 98 prosent av respondentane bortfall på mindre enn 10 av 95 spørsmål. Dette er eit godt resultat med omsyn til utfylling og indikerer engasjement kring eigne studietilhøve. Dei enkeltspørsmål som oftast stod att utan svar var spørsmål som krov hukommelse (t.d.: når gjekk du ut av vidaregåande skule?) samt spørsmål som kunne oppfattast som litt sensitive, som spørsmål om alder og yrkeserfaring.

Både bortfall av heile skjemaet (svarprosent) og manglande svar på enkeltspørsmål er kjende kjelde til skeivheiter i data. For begge kjeldene gjeld det at bortfall berre er til skade for konklusjonar når det er systematisk. Tilfeldig bortfall kan svekka styrke for statistiske slutningar, men er elles ingen trussel mot forventningsretta estimat. Tabell 3.6 viser fordelinga av returnerte skjema for åra 2014 til 2016. Vi har ikkje tal på kor mange adresser kvar enkelt lærestad sende inn til vårt adresseringsregister. Vi kan derfor ikkje talfesta bortfallet per institusjon. Går vi ut frå at kvar enkelt institusjon sendte oss adresser omtrent i høve til talet på studentar på lærestaden, kan vi vurdere bortfallet som at fordelinga av svar skal stå i høve til fordelinga av studentar. Dei første tre kolonnane i Tabell 3.6 viser tal på studentar over institusjonar. I dei seks siste kolonnane i tabellen kan vi samanlikna prosentvis del av svar mot prosentvis del av studentar over dei tre åra.

Tabell 3.6 Bortfall av skjema i høve til respondentar

Lærestad	Tal på returnerte svar i undersøkingane			Tal på registre studentar i hausesemesteret			Returnerte svar over lærestader i prosent			Prosent registre studentar over lærestader		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
1 Høgskolen i Bergen	175	68	163	725	716	727	8,2	3,7	8,9	9,3	9,0	8,4
2 Høgskolen i Oslo og Akershus	182	384	371	1385	1480	1445	8,5	20,8	20,3	17,8	18,5	16,8
3 Høgskulen i Sogn og Fjordane	68	45	63	173	197	233	3,2	2,4	3,4	2,2	2,5	2,7
4 Høgskulen i Volda	117	98	72	318	325	279	5,5	5,3	3,9	4,1	4,1	3,2
5 NLA Høyskolen	55	45	26	209	215	246	2,6	2,4	1,4	2,7	2,7	2,9
6 Høgskolen Stord/ Haugesund	59	63	56	209	194	227	2,8	3,4	3,1	2,7	2,4	2,6
7 Universitetet i Stavanger	151	136	125	518	563	628	7,0	7,4	6,8	6,7	7,1	7,3
8 Universitetet i Agder	137	82	141	481	531	562	6,4	4,5	7,7	6,2	6,7	6,5
9 Høgskolen i Telemark	222	196	137	556	460	464	10,4	10,6	7,5	7,1	5,8	5,4
10 Høgskolen i Buskerud og Vestfold	127	25	111	442	518	540	5,9	1,4	6,1	5,7	6,5	6,3
11 Høgskolen i Østfold	100	81	13	405	412	410	4,7	4,4	0,7	5,2	5,2	4,8
12 Høgskolen i Hedmark	176	168	58	575	591	599	8,2	9,1	3,2	7,4	7,4	7,0
13 Dronning Mauds Minne	296	255	227	913	898	973	13,8	13,8	12,4	11,7	11,3	11,3
14 Høgskolen i Nord Trøndelag	51	32	59	223	254	254	2,4	1,7	3,2	2,9	3,2	3,0
15 Universitetet i Nordland	60	43	76	197	189	576	2,8	2,3	4,2	2,5	2,4	6,7
16 Høgskolen på Nesna	51	35	37	118	109	109	2,4	1,9	2,0	1,5	1,4	1,3
17 UiT Norges Arktiske Universitet Campus Tromsø	109	84	89	326	302	319	5,1	4,6	4,9	4,2	3,8	3,7
18 Samisk høgskole (Sámi allaskuvla)	6	2	4	9	25	18	0,3	0,1	0,2	0,1	0,3	0,2
<b>Sum</b>	<b>2142</b>	<b>1842</b>	<b>1828</b>	<b>7782</b>	<b>7979</b>	<b>8609</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>
Total tal på returnerte skjema	2250	1962	2198									
Totalt tal på utsendte skjema				4845	5945	6173						
Mangelfullt utfylte skjema (lærestad ikkje oppgitt)	108	120	370									
Prosent av studentar som fekk tilsendt spørjeskjema				62 %	75 %	72 %						

Ser vi på avviket mellom fordelinga av returnerte skjema og fordelinga av studentar viser Tabell 3.7 at retur av skjema svarer nokså godt til talet på studentar ved dei ulike lærestadene. I 2014 er det likevel ein relativt markert underrespons ved Høgskolen i Oslo og Akershus, men og overrespons frå Høgskolen i Telemark. I 2015 er lågare respons enn venta frå Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Buskerud og Vestfold og som året før, høgare respons enn venta frå Høgskolen i Telemark. Ser vi på 2016 viser tabellen høgare respons enn venta frå Høgskolen i Oslo og Akershus, men lågare respons enn venta frå Høgskolen i Østfold.

Tabell 3.7 Over - eller underrespons i høve til venta

Lærestad	Avvik prosent		
	2014	2015	2016
1 Høgskolen i Bergen	-1,15	<b>-5,28</b>	0,47
2 Høgskolen i Oslo og Akershus	<b>-9,30</b>	2,30	<b>3,51</b>
3 Høgskulen i Sogn og Fjordane	0,95	-0,03	0,74
4 Høgskulen i Volda	1,38	1,25	0,70
5 NLA Høyskolen	-0,12	-0,25	-1,44
6 Høgskolen Stord/ Haugesund	0,07	0,99	0,43
7 Universitetet i Stavanger	0,39	0,33	-0,46
8 Universitetet i Agder	0,21	-2,20	1,19
9 Høgskolen i Telemark	<b>3,22</b>	<b>4,88</b>	2,10
10 Høgskolen i Buskerud og Vestfold	0,25	<b>-5,13</b>	-0,20
11 Høgskolen i Østfold	-0,54	-0,77	<b>-4,05</b>
12 Høgskolen i Hedmark	0,83	1,71	-3,78
13 Dronning Mauds Minne	2,09	2,59	1,12
14 Høgskolen i Nord Trøndelag	-0,48	-1,45	0,28
15 Universitetet i Nordland	0,27	-0,03	-2,53
16 Høgskolen på Nesna	0,86	0,53	0,76
17 UiT Norges Arktiske Universitet Campus Tromsø	0,90	0,78	1,16
18 Samisk høgskole (Sámi allaskuvla)	0,16	-0,20	-0,01

### 3.2 Oppsummering av datakvalitet

Det er liten grunn til å tru at bortfallet i heile skjema eller manglande svar på enkeltspørsmål gjev alvorlege skeivheiter i vidare analyser. Undersøkinga gjev god fordeling på svar frå både FLU- og BLU-studentar.

Tabell 3.5 viser god dekning av barnehagelærerutdanninga (BLU) over alle dei tre åra og bra dekning for klassetrinna over 2. klasse for førskulelærerutdanninga (FLU). Andelen FLU-studentar i 2014 var 56%, i 2015 36% og i 2016 berre 4% for FLU under avvikling. For dei to første undersøkingane gjev dette godt grunnlag for å vurdere verknadene av reforma sett frå studentane sin ståstad.

Strukturen i undersøkingane med same spørsmål spurt fleire gonger til studentar eksponert for liknande situasjonar som student, er tenleg for mange analyser. Dei mange som har svart to eller fleire gonger på same skjema, men med røynsler frå ulike klassetrinn dannar det vi

vurderer som *sanne panel* som gjer det mogeleg å tolka reaksjonar over tid. Strukturen mogleggjer validering av dei omgrepa som er nytta og vi kan t.d. få stadfesta i kva grad våre konstruksjonar av omgrep som læring og motivasjon fungerer på same måte over år og grupper.

## 4 God undervisningskvalitet, men reformsmell

I denne bolken presenterer vi funn frå studentane sine vurderingar av studiekvalitet og eksponering av ulike kunnskapsområde.

### 4.1 Fagleg utbytte

Undersøkinga viser at studentane i barnehagelærerutdanninga (BLU) og i førskulelærerutdanninga (FLU) gjennomgåande er godt nøgde med utdanninga. Studentane har svart på påstandane våre om utdanninga på ein 5-delt skala frå verdien 1 «Svært ueinig» til verdien 5 «Svært einig». Studentane sine svar ligg på dei fleste spørsmåla rundt verdien 4 som det er rimelig å oppfatte som at svargivarane er «einige» i påstanden. Det er vanleg å oppfatte verdien 3 i ein slik femdelt skala som ein midtkategori - «nøytral», «både-og» eller «indifferent».

Overskrifta for alle utsegnene som studentane blei inviterte til å ta stilling til var: «Ta stilling til følgende påstand om den utdanningen du gjennomfører nå.» I samråd med følgjegruppa valte vi 12 ulike dimensjonar for å registrere studentferingar med studiekvalitet. Tabell 4.1 syner dimensjonane og samletal for alle studentar som har svart over alle tre år. Beste resultat med snitt på 4,36 gjev støtte til utsegna om at utdanninga gjev «*relevante erfaringar frå praksis*». «*Relevante fag i utdanninga, litteraturen i faga og påstanden om dyktige faglærarar*» får også god evaluering frå studentane. To utsegn som er rimeleg å klassifisere som samleerfingar har også god støtte: Studentane har «*samla sett hatt godt fagleg utbytte av barnehagelærer-/førskulelærerstudiet*» og studentane meiner at utdanninga har «*bidrege til å kvalifisere til barnehagelærer/førskulelærarket*».

På fleire av dimensjonane viser Tabell 4.1 at vi ikkje har entusiastisk respons, men tilbakemeldingar som er å tolka som rimeleg positive. Dårlegast ut – men fortsatt på positiv side – kjem påstandane om god balanse i pedagogiske opplegg – «*balanse mellom praksis, diskusjoner, drøftingar*» – og «*balanse mellom forelesning og gruppeaktivitet*». Studentane svarer positivt på alle spørsmåla, også spørsmåla med lågast skår har verdiar over midtkategorien 3.

Tabell 4.1 Indikatorar for studiekvalitet – Barnehagelærerutdanninga (BLU)

<b>Påstand å ta stilling til for vurdering</b> (i skala 1 til 5, der 1=svært uenig, 5=svært enig)	Over 3 år	
	N =	Gj.snitt
D Praksiserfaringane eg har hatt gjennom studiet er relevante for framtidig arbeidsoppg.	4307	4,36
I Dei faga/ kunnskapsområda som inngår i studiet er relevante for framtidig arbeidsoppg.	4296	4,21
A Eg har samla sett hatt godt fagleg utbytte av barnehagelærerstudiet	4312	4,14
C Utdanninga har så langt bidrege til å kvalifisera meg til barnehagelærer	4273	4,05
K Litteraturen på studiet er relevant for framtidig arbeid i barnehagen	4296	4,04
L Eg har dyktige faglærarar	4311	4,00
E Veiledninga eg har fått gjennom studiet har gitt meg godt fagleg utbytte	4286	3,70
B Arbeidsmengda i studiet samsvarar godt med det som er omtalt i program- og fag	4209	3,63
J Evalueringsordningane i studiet er i samsvar med studieopplegg og arbeidsformer	3882	3,62
H I utdanninga har det vore god balanse mellom praksis, diskusjonar, drøftingar	4127	3,60
G I utdanninga har det vore god balanse mellom forelesningar og gruppeaktivitet,	4090	3,52
F I utdanninga har det vore god balanse mellom arbeidsformene	2971	3,46

*Samletabell for alle tre år sett under eitt, sortert frå høgste skåre til lægste*

Resultata frå spørjeundersøkinga som vi presenterte i Rapport 2 frå følgjegruppa (BLU 2015) viste samla sett ein svak nedgåande tendens med omsyn til positive tilbakemeldingar frå studentane sine svar i 2015 samanlikna med 2014-tala. Tabell 4.2 samanliknar svara frå studentane frå 2014 til 2016. På fem av tolv dimensjonar (*kolonna diff. Gj.sn. 14 til 15 i tabellen*) er det statistisk pålitelege grunn til å konkludere med at studentane er noko mindre begeistra for utdanninga si i 2015, enn dei var i 2014. Frå 2015 til 2016 er det ingen statistisk signifikante endringar.

I Rapport 2 peika vi på fleire moglege forklaringar til denne tendensen, der erfaringane frå studiet vart meir negative enn i 2014. *Ei* forklaring gjeld trekk ved undervisningsinstitusjonen - *ei forklaring knytt til undervisning*: Studentane i 2014 var meir nøgd enn i 2015 fordi

undervisninga i 2014 samla sett var betre. Både studentane i andre- og tredje studieåret fekk i 2014 undervisning etter gamal studieplan, men også sannsynligvis basert på gjennomprøvde, føreseielege planar.

Ei nærliggjande, men mindre oppløftande forklaring kan vere trekk ved reforma – ei *reformforklaring*. Dei to forklaringane er ikkje gjensidig utelukkande. Dei har begge element av om studentane opplever *fagleg relevans*, *velprøvd programstabilitet* og *pedagogiske og didaktiske* metodar. I vårt omgrep for *undervisningsforklaringa* legg vi vekt på gjennomprøvde undervisningsopplegg. I *reformforklaringa* vektlegger vi fagleg relevans.

2015-kohorten hadde fleire barnehagelærerstudentar enn førskulelærerstudentar. Dette kan indikere at barnehagelærerstudentane ikkje er like begeistra som førskulelærerstudentane. Institusjonane hadde i så fall ikkje klart å bruke reforma til å løfte undervisningstilbodet slik studentane erfarte det. Eit formildande omstende i eit slikt resonnement er at ein samansett reform ikkje kan setjast i verk i løpet av eitt til to år. Sjølv gode og vel førebudde intensjonar, planar og rammer treng tid til å bli gjennomført på ein god og tiltenkt måte, og må bli justert der ein erfarer at kvalitetsmåla ikkje vert nådd. Med andre ord var det for tidlig å konkludere med om reforma har vore mislukka eller vellukka sett med studentblikk i 2015.

Som vi viste i 2014-undersøkinga er det store variasjonar i tilbakemeldingane frå studentane på dei ulike kunnskapsdimensjonane i utdanninga (Tabell 4.2). Svara frå 2015-undersøkinga viste eit tilsvarande mønster. Høgst skår på spørsmåla våre om kor nøgde studentane er (Tabell 4.2), fekk to utsegn om *relevans*. Studentferingane frå *praksis* vart i 2014 og 2015 vurdert som «meget» *relevant* for framtidig arbeid (Tabell 4.2 spørsmål D). Tilsvarande vart *fag og kunnskapsområda* som inngår i studiet vurdert som relevante for framtidig arbeid i barnehagen (spørsmål I).

Studiet fekk i 2014 og 2015 samla også god tilbakemelding. Dimensjonane våre som skulle invitere studentane til ei samla vurdering: «Eg har samla sett hatt godt fagleg utbytte av barnehagelærer-/ førskulelærerstudiet» fekk gjennomsnittskår på 4,12 både i 2014 og 2015

(einig+) (spørsmål A), og «Utdanninga har så langt bidrege til å kvalifisera meg til barnehagelærer/ førskulelæreryrket» (spørsmål C) har skår på 4.03 (2014) og 4.08 (2015). For studentane, lærarane og institusjonane var det også eit godt funn at faglitteraturen og lærarane fekk god tilbakemelding både i 2014 og i 2015 (spørsmål K og L).

Tala for 2016 tyder at den negative trenden frå 2014 til 2015 er snudd slik Tabell 4.2 viser. Eller meir presist: Negativ nedgang i studentane sin erfaring frå 2014 til 2015 i barnehagelærerutdanninga har stabilisert seg i 2016. Frå 2015 til 2016 er det ikkje signifikant endring verken i positiv eller negativ retning over alle dei tolv påstandane dei tek stilling til.

For førskulelærerutdanninga (FLU) viser Tabell 4.2, nedre del, eit litt anna bilete. På same måte som for barnehagelærerutdanninga (BLU) er det nedgang i gjennomsnitta frå 2014 til 2015. På fem av tolv spørsmål (vist med utheva skrift) er det ei signifikant nedgang. Det mest overraskande i tabellen er den store oppgangen frå 2015 til 2016 i ei utdanning under avvikling. Sjølv med få svar er det statistisk signifikant auke i gjennomsnitta for 10 av 12 påstandar. Det er ikkje klart om dette avspeglar ein faktisk opplevd kvalitetsvekst som skuldast at det i denne fasen er færre studentar pr. lærar eller om dette har å gjera med ei samstemt markering av at dei er dei siste studentane i ei utdanning under avvikling.

Med følgjeevalueringsbriller på, må resultata knytt til 2016-tala særskild og dei samla svardata vi har frå 2014, 2015 og 2016 tolkast med varsemnd. Dette er berre enkle samanstillingar av punkttestimat. Vidare analyser er naudsynt, men det er verdt å merkja seg at materialet gjennom meir grundig modellering gjev rom for pålitelege konklusjonar.

2016-tala kan gje støtte til det vi i Rapport 2 gav nemninga «undervisningsforklaringa». Vi meinte at kompleks undervisningssituasjon med parallell undervisning for BLU og FLU – kunne forklare at studentane samla i 2015 var mindre tilfreds enn i 2014. Studentane i 2014 var meir nøgde enn i 2015 fordi undervisninga samla sett var betre. Både studentane i andre- og tredje studieåret fekk i 2014 undervisning etter gamal studieplan, men også sannsynligvis basert på gjennomprøvde planar. Når høgskule-Noreg i 2016 nesten berre har reformstudentar (BLU) tilbake, kan den negative trenden i studentfering ha stoppa opp.

Tabell 4.2 Indikatorar for studiekvalitet - 2014-2016

Påstand å ta stilling til: (vurdert i skala 1 til 5)	Barnehagelærerutdanninga											
	2014			2015			2016			Diff. Gj.sn. Diff. Gj.sn.		
	Gj.sn.	N	St.av.	Gj.sn.	N	St.av.	Gj.sn.	N	St.av.	14 til 15	15 til 16	
A Eg har samla sett hatt godt fagleg utbytte av barnehagelærarstudiet	4,12	978	0,91	4,12	1246	0,94	4,16	2088	0,87	0,00	0,04	
B Arbeidsmengda i studiet samsvarar godt med det som er omtalet i program- og fag	3,70	952	1,02	3,58	1218	1,00	3,63	2039	1,02	-0,12	0,05	
C Utdanninga har så langt bidrege til å kvalifisera meg til barnehagelærar	4,03	967	1,00	4,03	1233	0,93	4,08	2073	0,89	0,00	0,04	
D Praktiserfaringane eg har hatt gjennom studiet er relevante for framtidig arbeid.	4,42	971	0,91	4,33	1246	0,97	4,35	2090	0,92	-0,09	0,02	
E Veleddninga eg har fått gjennom studiet har gitt meg godt fagleg utbytte	3,74	974	1,13	3,67	1238	1,12	3,71	2074	1,08	-0,07	0,04	
F I utdanninga har det vore god balanse mellom arbeidsformene	3,51	678	1,11	3,46	865	0,97	3,44	1428	0,98	-0,05	-0,01	
G I utdanninga har det vore god balanse mellom forelesningar og gruppeaktivitet	3,57	908	1,04	3,53	1179	1,02	3,50	2003	1,01	-0,04	-0,03	
H I utdanninga har det vore god balanse mellom praksis, diskusjonar, drøftingar	3,64	904	1,02	3,59	1195	0,98	3,58	2028	0,97	-0,05	-0,01	
I Dei faga/ kunnskapsområda som inngår i studiet er relevante for framtidig arbeid	4,27	970	0,88	4,21	1243	0,86	4,17	2083	0,87	-0,07	-0,03	
J Evalueringsordningane i studiet er i samsvar med studieopplegg og arbeidsforme	3,69	882	1,00	3,59	1123	0,97	3,61	1877	0,94	-0,10	0,03	
K Litteraturen på studiet er relevant for framtidig arbeid i barnehagen	4,08	970	0,91	4,00	1241	0,89	4,04	2085	0,87	-0,08	0,04	
L Eg har dyktige faglærarar	4,12	970	0,93	3,94	1249	0,95	3,98	2092	0,95	-0,18	0,04	
<i>Statistisk signifikante avvik med utheva skrift</i>												
Førskulelærerutdanninga												
Påstand å ta stilling til: (vurdert i skala 1 til 5)	2014			2015			2016			Diff. Gj.sn. Diff. Gj.sn.		
	Gj.sn.	N	St.av.	Gj.sn.	N	St.av.	Gj.sn.	N	St.av.	14 til 15	15 til 16	
A Eg har samla sett hatt godt fagleg utbytte av barnehagelærarstudiet	4,30	1259	,800	4,23	696	,861	4,54	93	,745	-0,07	<b>0,31</b>	
B Arbeidsmengda i studiet samsvarar godt med det som er omtalet i program- og fag	3,74	1230	,964	3,67	679	1,036	4,09	89	,900	-0,07	<b>0,42</b>	
C Utdanninga har så langt bidrege til å kvalifisera meg til barnehagelærar	4,30	1251	,806	4,24	695	,853	4,58	92	,715	-0,06	<b>0,34</b>	
D Praktiserfaringane eg har hatt gjennom studiet er relevante for framtidig arbeid.	4,34	1236	,941	4,16	693	1,020	4,21	91	1,028	-0,18	0,05	
E Veleddninga eg har fått gjennom studiet har gitt meg godt fagleg utbytte	3,75	1246	1,067	3,64	695	1,067	3,78	92	1,078	-0,10	0,14	
F I utdanninga har det vore god balanse mellom arbeidsformene	3,60	835	,976	3,47	437	1,001	3,53	62	1,097	-0,13	0,06	
G I utdanninga har det vore god balanse mellom forelesningar og gruppeaktivitet	3,64	1154	,977	3,54	637	,992	3,99	83	,741	-0,11	<b>0,45</b>	
H I utdanninga har det vore god balanse mellom praksis, diskusjonar, drøftingar	3,66	1179	,964	3,59	668	,976	3,98	85	,801	-0,07	<b>0,38</b>	
I Dei faga/ kunnskapsområda som inngår i studiet er relevante for framtidig arbeid	4,25	1243	,823	4,10	694	,885	4,38	92	,823	-0,14	<b>0,28</b>	
J Evalueringsordningane i studiet er i samsvar med studieopplegg og arbeidsforme	3,71	1137	,943	3,63	615	,923	3,89	79	,862	-0,08	<b>0,26</b>	
K Litteraturen på studiet er relevant for framtidig arbeid i barnehagen	4,09	1242	,867	4,07	697	,829	4,40	93	,724	-0,02	<b>0,33</b>	
L Eg har dyktige faglærarar	3,96	1246	,934	3,96	697	,925	4,30	92	,899	0,00	<b>0,34</b>	

*Statistisk signifikante avvik med utheva skrift*



Tala frå 2016 undersøkinga viser at begeistringa målt med studenterfaringar ikkje har løfta seg tilbake til 2014-tala. Når ikkje avviklinga av FLU og ein situasjon med nesten berre BLU-undervising rigga i utdanninga syner positiv framgang i studentane sin tilfredsheit, kan det tyde på at også den andre forklaringa vi peika på kan ha forklaringskraft: *Reformforklaringa*. 2015-kohorten hadde fleire barnehagelærarstudentar enn førskulelærarstudentar. Dette tolka vi som at barnehagelærarstudentane ikkje var like begeistra som førskulelærarstudentane. På så kort tid har reforma ikkje overtydd studentane om betre fagleg relevans, god programstabilitet og betre pedagogiske og didaktiske metodar når nye fag, nye samansetjingar av emne, nye lærekreftar og ny undervisningsorganisasjon skal utformast. Ein rimeleg tolking av dei samla tala frå 2014, 2015 og 2016 er at reformarbeidet, når alle klassetrinn er tekne med, syner nedgang i erfart studiekvalitet.

Vår tolking av studenterfaringar med dei einskilde dimensjonane i Tabell 4.2 får rimeleg støtte i samleindikatoren vi har sett saman. Denne samledimensjonen er laga på bakgrunn av faktoranalyse av studentane sine svar på spørsmål 60, vist i Tabell 4.3<sup>6</sup>.

Tabell 4.3 viser gjennomsnitt samla for ti av dei tolv dimensjonane i Tabell 4.2 for både BLU og FLU. Det er markant nedgang i tilfredsheit frå 2014 til 2016. Men den viser også at den negative trenden frå 2014 til 2015 har snudd eller flata ut i 2016.

Tabell 4.3 Er studentane nøgde? - Samleindikator for fagleg utbytte


Dimensjon/omgrep	2014		2015		2016		<i>Diff Gj.sn. Diff Gj.sn.</i>	
	N	Gj.snitt	N	Gj.snitt	N	Gj.snitt	<i>14 til 15</i>	<i>15 til 16</i>
Fagleg utbytte								
BLU	986	3,89	1248	3,83	2102	3,85	<b>-0,06</b>	0,02
FLU	1259	3,95	700	3,85	93	4,13	<b>-0,10</b>	<b>0,28</b>

*Statistisk signifikant endring markert med fet skrift*

For FLU har vi statistisk påliteleg støtte for at studentane i 2016 var meir tilfredse enn i 2015. For BLU har vi utflating, dvs. inga endring. Dette kan tyde på at reforma har teke til å fungera etter dei mål som var sett opp.

<sup>6</sup> To dimensjonar er tekne ut fordi dei ikkje lada saman med dei andre 10 dimensjonane: «Litteraturen på studiet er relevant for framtidig arbeid i barnehagen» og «Eg har dyktige faglærarar». Dimensjonane som er grunnlag for samleindikatoren er vist i tabell 5a1 i vedlegget.

Figur 4.1 illustrerer funn frå Tabell 4.3. I figuren til venstre viser vi utviklinga for BLU og FLU. Den sterke begeistringa vist med stipla line for FLU er hyggeleg, men er berre basert på 93 studentar. Til høgre i figuren viser vi alle som har svart i BLU, men med stipla line for dei som har svart på alle tre undersøkingar for BLU. Desse utgjer eit sant panel av 193 BLU-studentar (sum over tre år 579). Sjølv om denne gruppa utgjer under 10 % av samla tal på svargjevarar, har den eigenskap at same person reflekterer over sine erfaringar kvart år. Det er grunn til å tru at dette er særskild motiverte studentar. Som figuren viser er denne gruppa langt meir kritisk til fagleg utbytte i overgangen mellom 2014 og 2015 enn resten av BLU-studentane. Dei er og langt mindre tilfreds enn andre svargjevarar i 2016 målt med samleindikatoren for fagleg utbytte. Eit lyspunkt for reforma er at alle gruppene vi undersøker er noko meir positive i 2016 enn i det om ser ut til å være annus horribilis for reforma i 2015.



Figur 4.1 Er studentane nøgde? – indikator for fagleg utbytte over tre år. BLU og FLU til venstre. Berre BLU til høgre.

Ser vi på utviklinga i oppfatninga av fagleg utbytte fordelt over klassetrinn og år for gjennomføring av undersøkinga, viser Tabell 4.4 det typiske mønsteret som vil prega eit studium under oppstart (BLU) og eit studium under avvikling (FLU). Samanliknar vi gjennomsnittet i BLU, 1. klasse i undersøkinga frå 2014 med 2. klasse i etterfølgande år, 2015, ser vi 2014 til 2015-nedgangen frå 3,88 i 2014 til 3,72 i 2015. Vi ser og ei stabilisering ved at gjennomsnittet i 3. klasse i 2016 er 3,74. Resonnementet føreset at dei fleste studentar, men

ikkje alle, rykkjer opp ein klasse i etterfølgjande år. Om vi ser på tala for klassetrinna i dei tre åra ser vi at førsteklassestudentane i BLU er sigande tilfredse med fagleg utbytte frå 2014 til 2016 (linje for gjennomsnitt, øvste del av Tabell 4.4). Dette kan indikere at reformera har vore vellukka for oppstartåret. For 2. og 3. klasse er tala meir negative, men talet på svargivarar er låge i 2014 for 2. klasse, og i 2014 og 2015 for 3. klasse.

Tabell 4.4 Fagleg utbytte fordelt på klassetrinn

Klassetrinn	Barnehagelærerutdanninga - BLU											
	1. klasse			2. klasse			3. klasse			4. klasse		
År for undersøking	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Gjennomsnitt	3,88	3,93	3,96	3,96	3,72	3,79	4,07	3,80	3,74		4,31	3,76
N =	948	618	834	21	612	621	8	15	641		7	3

Klassetrinn	Førskulelærerutdanninga - FLU											
	1. klasse			2. klasse			3. klasse			4. klasse		
År for undersøking	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Gjennomsnitt	3,89	2,60	3,10	3,96	4,35		3,92	3,84	4,38	4,04	3,91	4,13
N =	1	1	2	597	2		601	591	6	56	105	85

Ser vi på dei som har svart tre gonger på same skjema, vårt sanne panel, viser Tabell 4.5 at nedgangen frå 2014 til 2015 er konsistent, og når vi ser utviklinga basert berre på svar frå dei som har svart fleire gonger. Vi finn det same mønsteret både for BLU og FLU. For FLU er naturleg nok relativt få som har svart på skjemaet i alle tre rundar 2014 til 2016.

Tabell 4.5 Fagleg utbytte etter klassetrinn - panel

Klassetrinn	År for undersøking - BLU				Klassetrinn	År for undersøking - FLU			
	2014	2015	2016	N =		2014	2015	2016	N =
1. klasse	3,87			190	1. klasse	4,35			25
2. klasse		3,67		193	2. klasse		4,20		25
3. klasse			3,69	193	3. klasse			4,30	25
N =	190	193	193	576	N =	24	25	25	75

Tabellane over viser og at FLU her har høgare skår enn BLU, sjølv om gjennomsnitta er berre er rekna over 25 svar.

## 4.2 Fagleg vektlegging

Indikatorane for utdanningskvalitet som vi har nytta i undersøkinga, er i Tabell 4.2 og Figur 4.1 formulert som meir spesifikke ferdigheiter og faglege element. Intensjonen med utsegnene i Tabell 4.6 er å få studentane sitt syn på kva fagelement som *faktisk* har vorte prioritert i utdanninga til no. - Ikkje om undervisninga har vært god eller dårleg, men *kva kunnskapselement* som har vært vektlagt i undervisninga.

Høgast skår på fagelement som «er vektlagt i studiet for at du skal bli en god førskulelærer/barnehagelærer» har relativt stabile svar for alle årskohortane. Rydda etter 2016-svara erfarer studentane at dei emna som er mest vektlagt er: «evne til omsorg, leik og samspel med born» (spørsmål M), «kunnskap om barns utviklings- og dannelsingsprosessar» (spørsmål A), «fagkunnskap» (spørsmål G), «samarbeidsevner» (spørsmål I), «Evne til å leia barns lærings- og dannelsingsprosessar» (spørsmål O), «Evne til kritisk refleksjon og vurdering av eige arbeid» (spørsmål E) og «Toleranse - evne til å verdsetja ulike synspunkt» (spørsmål N). Gjennomsnittstala for desse svara ligg mellom det som er rimeleg å sjå på som «einig» med gjennomsnittsverdi 4 og «helt einig» med verdi 5.

I Rapport 2 viste vi at tala for 2014 og 2015 ga gode skår, men på fleire av kunnskapsdimensjonane registrerte vi statistisk påliteleg nedgang frå 2014 til 2015. Nedgangen frå 2014 til 2015 er størst på kunnskapsdimensjonane som får relativt sett svak skår i gjennomsnittstala. Tabell 4.6 viser at dei fagelementa som er minst vektlagt i 2014 og 2015 var «evne til å ta ansvar og avgjerder» (spørsmål S), «evne til å leia ei personalgruppe» (spørsmål Q), «evne til å veileda andre» (spørsmål R), «kunnskap om digitale verktøy/Ikt.» (spørsmål U) og nedst, «kunnskap om born som lever i utsette livssituasjonar» (spørsmål W). Det må kunne sjåast på som overraskande at studentane frå 2014 til 2015 erfarer at undervisning om «evne til å arbeide sjølvstendig» og «evne til å ta avgjerder» vert vektlagt mindre. Studentane i 2016 erfarte også at «Kunnskap om dei yngste borna» (spørsmål V) var blant dei minst vektlagde fagelement.

Låge gjennomsnittstal for nokre av de seks kunnskapselementa over kan forklarast med at dei ikkje har høg prioritet i læreplanen, eller at dette er kunnskap som skal kome seinare i

utdanninga eller bli erfart i jobbsituasjon etter ferdig utdanning. Det kan likevel vere grunn til uro over at *ansvar og evne til å ta avgjerder* etter studentane sine tilbakemeldingar er lågt prioritert i utdanninga. Tilsvarande kan det vere vanskeleg å forstå kvifor kunnskap om *born i utsette livssituasjonar* tilsynelatande er lågt prioritert ved utdanningsinstitusjonane. Men på den andre sida: Nesten alle påstandane har skår som er betre enn verdien 3.

Erfaringane som studentane gjev til kjenne på dette spørsmålet om «følgjande er vektlagt i studiet» gjev sjølvstendig ikkje heile sanninga om kvaliteten på undervisninga. Det er mogeleg at studentane ikkje har oppdaga fagelement som ligg implisitt i undervisninga generelt eller implisitt i andre fagelement. Det kan også vere at studentane i første klasse svarar negativt på påstandar om fagelement som på fagplanen kjem seinare i studiet. Rap 2 tabell 2 i vedlegg 1 gjer grunnlag for å drøfte dette vidare.

Tendensane vi har gjort greie for i drøftinga av Rap 2 tabell 1 i vedlegg 1 er mindre dramatisk om vi ser på det *sanne* panelet vårt. Eit panel som viser endringar i oppfatningar hos ein og same person over tid har normalt høg truverd.

Frå 2014 til 2015 utgjorde det sanne panelet 585 studentar for BLU. Vi viste i Rapport 2 at tendensane vi gjorde greie for i drøftinga av Tabell 4.6 var mindre dramatisk om vi undersøkte erfaringane frå panelet vårt. Rap 2 tabell 1 i vedlegg 1 viser at studentane som svarte både i 2014 og i 2015, også rapporterer om nedgang i prioriterte kunnskapsområde som dei har erfart er vektlagt i studiet til no. Tabellen viste tilbakegang på 18 av 24 dimensjonar frå 2014 til 2015. Seks var statistisk påliteleg negative: «Evne til å ta initiativ» (spørsmål J), «Toleranse - evne til å verdsette ulike synspunkt» (spørsmål N), «Kunnskap om dei yngste borna» (spørsmål V), «Evne til å arbeide sjølvstendig» (spørsmål H). «Kunnskap om barns utviklings- og danningssprossar» (spørsmål A), «Yrkesetikk - verdiar og holdningar» (Spørsmål X). To dimensjonar er statistisk påliteleg positive. Det gjeld «Kunnskap om kulturelt mangfold» (spørsmål T) og «innsikt i barnehagens samfunnsmandat» (spørsmål D).

Panelet av studentar som har svart alle tre åra, vist i Tabell 4.7, har samla sett 195 svargjevarar. Tabellen viser at studentane rapporterer om nedgang i prioriterte kunnskapsområde som dei

har erfart er vektlagt i studiet til no. Tabellen for desse 195 viser tilbakegang på 17 av 24 dimensjonar frå 2014 til 2015. Men berre tre dimensjonar har statistisk påliteleg nedgang 2014-2015: «Evne til å tenkja nytt» (spørsmål F), «Fagkunnskap» (Spørsmål G) og «Toleranse – evne til å verdsetja ulike synspunkt» (Spørsmål N). Til gjengjeld er dette tre viktige dimensjonar – innovasjonskompetanse og samlepåstanden om fagkunnskap.

Mellom 2015 og 2016 ser vi 15 dimensjoner av 24 med negativ erfart utvikling, men berre fire av desse er statistisk pålitelege. Det gjeld «Kunnskap om kulturelt mangfald» (spørsmål T), «Kunnskap om digitale verktøy/Ikt» (Spørsmål U), «Kunnskap om de yngste barna» (spørsmål V) og «Yrkesetikk – verdiar og holdningar» (Spørsmål X).

Tabell 4.6 Kva fagelement er studentane eksponert for - BLU

Kategori	2014			2015			2016			Diff-2014-2015		Diff-2015-2016	
	N	Gj.snitt	St.avvik	N	Gj.snitt	St.avvik	N	Gj.snitt	St.avvik	diff.ansv. f-verdi	diff.ansv. f-verdi		
M Evne til omsorg, lek og samspel med born	981	4,52	0,736	1249	4,53	0,710	2092	4,47	0,759	0,01	0,2	-0,06	-2,3
A Kunnskap om barns utviklings- og danningprosesser	985	4,42	0,782	1252	4,41	0,757	2095	4,36	0,765	-0,01	-0,3	-0,05	-1,8
G Fagkunnskap	978	4,21	0,810	1248	4,23	0,777	2091	4,20	0,776	0,02	0,5	-0,03	-1,1
I Samarbeidsevne	978	4,17	0,889	1250	4,09	0,903	2093	4,10	0,868	-0,08	-2,0	0,01	0,3
O Evne til å leia barns lærings- og danningprosesser	976	4,01	0,984	1248	4,02	0,942	2085	4,05	0,919	0,02	0,4	0,02	0,7
E Evne til kritisk refleksjon og vurdering av eige arbeid	978	3,96	1,027	1251	4,05	0,929	2093	4,03	0,947	0,09	0,9	-0,02	-0,7
N Toleranse - evne til å verdsetja ulike synspunkter	978	4,13	0,981	1247	4,04	0,935	2091	3,99	0,963	-0,09	-2,2	-0,05	-1,6
T Kunnskap om kulturh mangfald	974	4,01	1,026	1247	4,08	0,945	2089	3,97	0,953	0,07	1,6	-0,11	-3,3
D Innsikt i barnhagens samfunnsmandat	983	3,89	1,055	1249	3,96	0,969	2091	3,90	0,965	0,07	1,5	-0,06	-1,8
P Evne til å leia del pedagogiske arbeidet i barnelagen	977	3,79	1,120	1249	3,81	1,059	2093	3,87	1,029	0,01	0,3	0,07	1,8
L Skriftleg kommunikasjonsevne	977	3,84	0,996	1245	3,79	1,004	2086	3,83	0,973	-0,05	-1,1	0,04	1,2
K Muntleg kommunikasjonsevne	977	3,89	1,000	1249	3,84	0,984	2091	3,81	0,992	-0,05	-1,2	-0,03	-0,8
X Yrkesetikk - verdar og haldningar	979	3,91	1,031	1246	3,90	0,965	2090	3,78	0,999	-0,01	-0,3	-0,12	-3,5
J Evne til å ta initiativ	981	3,87	1,004	1247	3,69	1,032	2091	3,70	1,014	-0,18	-4,2	0,01	0,2
F Evne til å tenkja nyr	979	3,80	1,081	1249	3,74	1,032	2096	3,69	1,025	-0,06	-1,3	-0,05	-1,4
H Evne til å arbeida sjølvstendig	982	3,79	1,067	1248	3,63	1,022	2094	3,67	1,018	-0,16	-3,7	0,04	1,1
C Kunnskap om evaluering og dokumentasjon	977	3,73	1,011	1251	3,64	0,992	2092	3,65	0,971	-0,09	-2,0	0,01	0,3
B Kunnskap om planlegging og organisering	980	3,69	1,089	1251	3,62	1,071	2094	3,61	1,035	-0,07	-1,5	-0,01	-0,3
V Kunnskap om dei yngste borna	977	3,86	1,068	1243	3,79	1,030	2086	3,55	1,113	-0,07	-1,5	-0,24	-6,2
S Evne til å ta ansvar og avgjerder	977	3,53	1,123	1241	3,42	1,100	2087	3,48	1,085	-0,11	-2,3	0,06	1,6
Q Evne til å leia ei personalgruppe	973	3,21	1,313	1249	3,15	1,227	2091	3,28	1,173	-0,06	-1,0	0,13	2,9
R Evne til å verleida andre	974	3,12	1,283	1246	3,04	1,203	2084	3,14	1,190	-0,08	-1,5	0,10	2,3
U Kunnskap om digitale verktoy/ Ikt	974	3,19	1,235	1248	3,10	1,153	2086	3,03	1,158	-0,09	-1,7	-0,07	-1,6
W Kunnskap om born som lever i utsatte livssituasjonar	976	3,15	1,231	1246	3,09	1,192	2091	2,89	1,207	-0,06	-1,2	-0,20	-4,6

Rekvisisjon på påstand: I kva grad har du utført at følgjande er  
 vektlegg i studiet? (Sortert etter gjennomsnitt i 2016)

Skalarverdi frå 1 = Hoega i det hula kant til 5 = I svært stor grad

Stjerneprikante endringar merkar med utheva står gj

Tabell 4.7 Kva fagelement er studentane eksponert for -Panel BLU

Kategori	2014			2015			2016			Diff- 2014-2015	Diff- 2015-2016		
	N	Gj.snitt	Sl.avvik	N	Gj.snitt	Sl.avvik	N	Gj.snitt	Sl.avvik				
M Eivne til omsorg, lek og samspel med born	194	4,57	,689	195	4,47	,720	194	4,47	,714	-0,10	-1,4	0,00	0,0
A Kunnskap om barns utviklings- og danningssprossar	195	4,46	,705	195	4,44	,718	195	4,35	,741	-0,02	-0,3	-0,08	-1,1
G Fagkunnskap	194	4,30	,764	195	4,10	,843	195	4,10	,790	-0,20	-2,4	-0,01	-0,1
I Samarbeidsevner	194	4,17	,914	194	4,02	,887	194	4,02	,884	-0,15	-1,6	-0,01	-0,1
O Eivne til å leia barns lærings- og danningssprossar	192	4,06	,928	195	4,00	,919	193	4,00	,878	-0,06	-0,6	0,00	0,0
D Innsikt i barnelagets samfunnsmandat	195	3,87	1,076	195	3,99	,843	195	3,96	,887	0,12	1,3	-0,03	-0,3
E Eivne til kritisk refleksjon og vurdering av eige arbeid	195	4,02	,992	195	4,01	,922	194	3,96	1,005	-0,01	-0,1	-0,04	-0,4
T Kunnskap om kulturell mangfald	194	4,09	,906	193	4,22	,813	193	3,94	,905	0,12	1,4	-0,28	-3,2
N Tokrarse - eivne til å verdsetja ulike synspunkter	194	4,16	,888	195	3,90	,984	194	3,87	,921	-0,26	-2,8	-0,03	-0,3
L Skriftleg kommunikasjonseivne	194	3,87	1,034	193	3,77	,942	193	3,84	,941	-0,10	-1,0	0,07	0,8
P Eivne til å leia dei pedagogiske arbeidet i barnelagen	194	3,71	1,139	195	3,64	1,062	195	3,79	1,056	-0,07	-0,6	0,15	1,4
K Munnleg kommunikasjonseivne	195	3,83	1,012	195	3,81	1,015	195	3,76	,956	-0,02	-0,2	-0,05	-0,5
W Kunnskap om born som lever i usatte livssituasjonar	193	3,83	,975	194	3,80	,849	195	3,70	,965	-0,04	-0,4	-0,10	-1,0
F Eivne til å tenkja nytt	194	3,75	1,023	195	3,54	1,080	195	3,61	1,061	-0,21	-2,0	0,07	0,6
J Eivne til å ta initiativ	194	3,80	1,083	192	3,67	1,085	193	3,59	1,013	-0,14	-1,2	-0,08	-0,8
H Eivne til å arbeidia sjølvstendig	194	3,77	1,130	194	3,70	,984	195	3,58	1,049	-0,07	-0,7	-0,12	-1,1
C Kunnskap om evaluering og dokumentasjon	194	3,56	1,022	195	3,61	,964	193	3,55	,912	0,05	0,5	-0,06	-0,6
B Kunnskap om planlegging og organisering	195	3,56	1,126	195	3,47	1,081	195	3,48	1,052	-0,09	-0,8	0,01	0,1
V Kunnskap om dei yngste borna	194	3,92	,997	195	3,77	1,081	192	3,44	1,179	-0,15	-1,5	-0,33	-2,8
S Eivne til å ta ansvar og avgjerder	193	3,41	1,147	195	3,36	1,105	195	3,38	,985	-0,05	-0,4	0,03	0,2
Q Eivne til å leia ei persongruppe	194	3,06	1,304	195	3,12	1,182	195	3,26	1,130	0,07	0,5	0,14	1,2
R Eivne til å verka andre	192	2,94	1,239	194	3,03	1,187	195	3,09	1,127	0,09	0,8	0,06	0,5
U Kunnskap om digitale verkty/Idt	193	3,10	1,206	195	3,13	1,184	191	2,87	1,051	0,03	0,2	-0,26	-2,3
X Yrkesetikk - verdar og høvlningar	191	2,96	1,200	195	2,98	1,146	195	2,59	1,178	0,03	0,2	-0,39	-3,4

Reaksjon på påstand: I kv grad har du gjort at følgjende er  
vektlagt i studiet? (Sommar etter gjennomstitt i 2016)

Skalen frå 1 = ikkje i det heile tatt til 5 = I svært stor grad

Signifikante endringar merka med utheva skrift



### 4.3 Fire kompetanseområde

Ved hjelp av faktoranalyse har vi identifisert fire kompetanseområde som studentane grupperer saman. Dette er studentane sine egne svar, som vi har laga ei samleoverskrift til og som er muleg å grunngje og sette omgrep på utifrå dimensjonane som i faktoranalysen lader saman. Vi har valt å gje dei fire kompetanseområda overskrifta: *Kommunikativ læring*, *Læring for barnehagens samfunnsmandat*, *Læring for leiing* og *Læring for planlegging, organisering og vurdering*. Svare er samla i tabell 4.8. Kompetanseområda som studentane var inviterte til å vurdere var i konstruksjonen av spørjeundersøkinga i nokon grad kopla til forskriftsfesta læringsutbytte (vedlegg 1).

#### 4.3.1 Kommunikativ læring

Samleomgrepet «Kommunikativ læring» er sett saman av 10 dimensjonar vist i A-Tabell 1 i vedlegg 1. Ti dimensjonar er samla til ein: «Evne til kritisk refleksjon og vurdering av eige arbeid», «Evne til å tenkja nytt», «Fagkunnskap», «Evne til å arbeida sjølvstendig», «Samarbeidsevner», «Evne til å ta initiativ», «Munnleg kommunikasjonsevne» og «Skriftleg kommunikasjonsevne».

Fleire av dimensjonane er nært kopla til fastsette læringsutbytte for utdanninga (Vedlegg 1). Alle kunnskapskrava frå dimensjonen «Kunnskaper» er relevante. I tillegg kjem krava til ferdigheit som at kandidaten:

- kan bruke sin faglighet til improvisasjon i lek, læring og formidling.
- kan vurdere, stimulere og støtte barns ulike evner, og ta hensyn til barns ulike bakgrunn og forutsetninger.
- kan anvende relevante faglige verktøy, strategier og uttrykksformer i egne læringsprosesser, i pedagogisk arbeid, i samhandling med hjemmet og relevante eksterne instanser.
- kan identifisere særskilte behov hos enkeltbarn, og på bakgrunn av faglige vurderingar raskt iverksette tiltak.
- kan lede og veilede medarbeidere, reflektere kritisk over egen praksis og justere denne under veiledning.

Rapport 2 gav erfaringstal på i kva grad studentane har erfart at denne kunnskapsdimensjonen er vektlagt i utdanninga (2014 og i 2015). Resultatet viste nedgang i erfart fagleg vektlegging

av kommunikatív læring frå 2014 til 2015. Nedgangen var statistisk påliteleg, men ikkje dramatisk. Frå eit gjennomsnitt på 4.04 til 3.96 ligg svara framleis tett opp til gjennomsnittsverdien 4 som er rimeleg å tolke som om at desse kunnskapselementa i «stor grad» er vektlagt i undervisninga. Endringa frå 2015 til 2016 er små. Faglig vektlegging av kommunikatív læring frå studentane har stabilisert seg frå 2015 til 2016 etter nedgangen frå 2014 til 2015.

#### 4.3.2 Læring for barnehagens samfunnsmandat

Læring for barnehagens samfunnsmandat er i nokso stor grad vektlagt i utdanninga sett med studentane sine auge. Dimensjonen er sett saman av sju kunnskapsfelt (A-Tabell 3 i vedlegg 1): «Kunnskap utviklings- og danningprosesser hos born», «Innsikt i barnehagens samfunnsmandat», «Evne til å leia barns lærings- og daningsprosesser», «Kunnskap om kulturelt mangfald», «Kunnskap om dei yngste borna», «Kunnskap om born som lever i utsette livssituasjonar» og «Yrkesetikk - verdiar og holdningar». Også desse dimensjonane er nært kopla til med læringsutbyttet formulert under overskrifta «kunnskap». Ferdigheitskrava som er særleg relevante er: Kandidaten:

- kan bruke sin faglighet og relevante resultatler fra FoU til å lede og tilrettelegge for barns lek, undring, læring, og utvikling og til å begrunne sine valg.
- kan bruke sin faglighet til improvisasjon i lek, læring og formidling.
- kan vurdere, stimulere og støtte barns ulike evner, og ta hensyn til barns ulike bakgrunn og forutsetninger.
- kan fremme kreative prosesser og kultur- og naturopplevelser, med fokus på barns skapende aktivitet, helhetlige læring og opplevelse av mestring.
- kan anvende relevante faglige verktøy, strategier og uttrykksformer i egne læringsprosesser, i pedagogisk arbeid, i samhandling med hjemmet og relevante eksterne instanser.

#### 4.3.3 Læring for leiing

Dimensjonen vår «læring for leiing» har vi basert på studentane sine erfaringar knytt til variablane «Evne til å leia det pedagogiske arbeidet i barnehagen», «Evne til å leia ei personalgruppe», «Evne til å veilede andre» og «Even til å ta ansvar og avgjerder».

Leiing er vektlagt i læringsutbytta i barnehagelærerutdanninga. Også her er det fleire *ferdigheiter* frå læringsutbyttet som er relevante (A-Tabell 2 i vedlegg 1): Kandidaten

- kan bruke sin faglighet og relevante resultater frå FoU til å lede og tilrettelegge for barns lek, undring, læring, og utvikling og til å begrunne sine valg.
- kan identifisere særskilte behov hos enkeltbarn, og på bakgrunn av faglige vurderinger raskt iverksette tiltak.
- kan lede og veilede medarbeidere, reflektere kritisk over egen praksis og justere denne under veiledning.

I kravet til generell kompetanse i læringsutbyttet for BLU heter det at kandidaten:

- har innsikt i profesjonsetiske problemstillinger, særlig knyttet til ansvar, respekt og maktperspektiver.
- kan planlegge, lede, gjennomføre, dokumentere, og reflektere over pedagogisk arbeid knyttet til barnehagens innhold og oppgaver i tråd med etiske krav og retningslinjer, og med utgangspunkt i forsknings- og erfaringsbasert kunnskap.
- har endrings- og utviklingskompetanse, kan lede pedagogisk utviklingsarbeid og bidra til nytenkning og i innovasjonsprosesser for fremtidens barnehage.

Samla sett er det også på denne samle dimensjonen rimeleg å kople opp mot læringsutbyttekrava.

#### 4.3.4 Læring for planlegging, organisering og vurdering

Kunnskapsfeltet som vi har gitt overskrifta «Læring for planlegging, organisering og vurdering» er satt saman av dei to dimensjonane «Kunnskap om planlegging og organisering» og «Kunnskap om evaluering og dokumentasjon». Dimensjonen ligg tett opp til dimensjonen for leiing, men studentane har i svara sine sjølve valt å halde dette som eit eige tema. To ferdigheiter, ut over læringsutbytte knytt til leiing, er relevante: Kandidaten:

- kan bruke sin faglighet til improvisasjon i lek, læring og formidling.
- kan identifisere særskilte behov hos enkeltbarn, og på bakgrunn av faglige vurderinger raskt iverksette tiltak.

- o kan finne, vurdere og henwise til informasjon og fagstoff og fremstille dette slik at det belyser en problemstilling.

Tabell 4.8 Sentrale omgrep - BLU

Sentrale omgrep	År for undersøking								
	2014			2015			2016		
	N	Gj.snitt	St.avvik	N	Gj.snitt	St.avvik	N	Gj.snitt	St.avvik
Kommunikativ læring	981	3,99	0,690	1250	3,95	0,658	2095	3,93	0,656
Læring for barnehagens samfunnsmandat	982	3,87	0,712	1251	3,88	0,661	2095	3,76	0,667
Læring for leiing	968	3,35	1,015	1245	3,33	0,975	2083	3,40	0,924
Læring for planlegging, organisering og vurdering	976	3,68	0,935	1248	3,61	0,919	2087	3,61	0,888

#### 4.4 Summert opp

Indikatorane for studiekvalitet indikerer at Barnehagelærarutdanninga på landsbasis blir oppfatta som relevant og godt eigna for seinare arbeid i barnehagen. Samla sett var studentane meir nøgde med det faglege utbyttet då utdanninga blei starta opp i 2014, noko mindre nøgde i 2015, men med ei stabilisering i 2016. Tilsvarende tendensar ser vi ved vurderinga av dei einskilde fagelementa studentane er eksponert for i studiet. Ordnar vi dei einskilde fagelementa i meir oppsummerande kategoriar for *kommunikativ læring*, *læring for barnehagens samfunnsmandat*, *læring for leiing* og *læring for planlegging, organisering og vurdering* viser svara gode resultat for alle fire dimensjonar på landsbasis. I skala 1 til 5 der 1 er svakaste og 5 den mest positive vurdering ligg gjennomsnitta stort sett opp mot 4. Dette er perseptuelle mål som både avspeglar reell respons på dei spørsmål som er stilte og varians i individuelle skilnader som høflegheit, respekt for autoritetar og ønskje om å presentera seg sjølv på ein god måte. Som uttrykk for det beste samla uttrykk for studentane sine oppfatningar av studiet gjev dei likevel beste tilgjengelege inntrykk av den ålmenne meininga på landsbasis.

## 5 Motivasjon

Kva motiverer studentane? Vi har brukt eitt kjent skilje frå faglitteraturen mellom indre - (intrinsic) og ytre - (extrinsic) motivering. Kjeldene til indre motivasjon ligg i arbeidet sjølv, medan kjeldene til ytre motivasjon ligg utanfor sjølve arbeidet som løn, bonus, frynsegodar, statusheving eller opprykk i stilling. Arbeidet gjer du for å oppnå løn eller andre ytre stimuli. Ved indre motivasjon hentar individ energi frå sjølve arbeidet. Energi kjem frå behovet for kompetanseoppleving og behovet for sjølvkontroll i arbeidet. Gleda ved å gjere arbeidet er viktig i indre motivasjon (Kaufmann and Kaufmann 2015: 129).

Vi spurde studentane: Kor viktig synes du følgjande tilhøve er når du skal vurderer ein framtidig jobb? I samlevariabelen for indre-motivert har vi langt inn 11 ulike dimensjoner (A-Tabell 6 i vedlegg 1). I samlevariabelen for ytrestyrt motivasjon har vi samla 8 dimensjonar (A-Tabell 7 i vedlegg 1). Gjennomsnittstala kan også her variere frå 1 til 5, der 1 indikerer sær låg motivasjon og 5 tyder på sær høg motivasjon. Sjå tabell 5.1.

Tabell 5.1 Indre og ytre motivasjon BLU


Omgrep	År for undersøking								
	2014			2015			2016		
	N	Gj.snitt	St.avvik	N	Gj.snitt	St.avvik	N	Gj.snitt	St.avvik
Indre motiverte	987	4,53	0,422	1257	4,50	0,385	2104	4,50	0,384
Ytre motiverte	983	3,84	0,566	1256	3,77	0,562	2102	3,75	0,551

Vi ser at studentane i heile perioden er markant meir indre-motiverte enn ytre-motiverte. Spørsmålet til studentane var kva tilhøva som er viktig når dei skal vurderer ein framtidig jobb. Med gjennomsnitt skår på 4.53 og 4.50 er studentane nær ytterpunktet av skalaen for våre verdiar mellom 1 og 5 for indikatorane for indre-motivert. Dette kan være godt nytt for borna, foreldra og for eigarane som skal betala løn. Men om vi samanliknar 2014 og 2015 er motivasjon noko svekka samla sett. Det er liten endring mellom 2015 og 2016. Ingen av endringane over år i tabell 5.1 er statistisk signifikante.

Motivasjon kan være viktig for å forklare variasjon i kompetanseområde som studentane har erfart er vektlagt i undervisninga (funn presentert i avsnitt 4.2). Godt motiverte studentar persiperer fleire fagelement i undervisninga enn studentar med lav motivasjon. I 2014 var det ein klar positiv signifikant samanheng mellom kommunikativ læring, læring for barnehagens samfunnsmandat, læring for planlegging og **indre motivasjon**. Samla forklarar disse variablane nesten 40% av variansen i oppfatninga av faglig utbytte.

I data frå 2015 er samanhengen frå 2014 forsterka. Det er ein klar signifikant samanheng mellom kommunikativ læring, læring for leiing, læring for barnehagen sitt samfunnsmandat, læring for planlegging, **indre motivasjon og ytre motivasjon**. Ytre motivasjon er klart negativ. Samla forklarar disse variablane nesten 50% av variansen i oppfatninga av fagelement som er vektlagt i undervisninga.

Korleis påverkar motivasjon studentane sine oppfatningar av fagleg kvalitet i undervisninga? Figur 5.1 gir ei stilisert framstilling av forholdet mellom oppfatninga av fagleg kvalitet i undervisninga over alle tre undersøkingar (2014, 2015 og 2016) for BLU-studentane (N=4327) og FLU-studentane (N=2050). Figuren illustrerer sterk positiv samanheng mellom indre



Figur 5.1 Motivasjon versus fagleg utbytte

motivasjon og oppfatninga av fagleg utbytte og tilsvarande svakt negativ eller nær null-samanheng mellom ytre motivasjon og fagleg utbytte. Figuren viser at desse tilhøva er relativt samsvarande i både BLU og FLU. Desse samanhengane er ikkje uventa og betyr at studentane må vera motiverte av anna enn faktorar som høg løn og status for å oppleve at dei har godt fagleg utbytte av undervisninga.


## 6 Kva kan forklare variasjon i tilfredshet med reforma?

I avsnitt 5 har vi gjort greie for studentane sine syn på utdanningskvalitet under BLU-reforma. Kva kan forklare variasjonar i studentane sine vurderingar? I denne bolken ser vi på samvariasjon med tre sett uavhengige variable: Trekk ved der studenten er, trekk ved studentane sin biografi og trekk ved studentane sine planar for framtida. Nåtid, fortid, framtid. Funn om studentane sine planar for framtida har vi samla i eit ege kapittel 7.

### 6.1 Faglig utbytte – der du er

Kan institusjonell og organisatorisk kontekst forklare variasjon? Vi har operasjonalisert denne uavhengige variabelen ved å gruppere institusjonane for barnehagelærer utdanning etter utdanningsinstitusjonen sin storleik i stor, middels og liten (Figur 6.1). Vi har brukt samleindikatoren for fagleg utbytte frå Tabell 4.3 som avhengig variabel, det som skal forklarast.

Figur 6.1 viser for BLU at studentar frå de små institusjonane melder om betre fagleg utbytte enn studentane som studerer ved store institusjonar. Skilnaden mellom store og små institusjonar (3,99-3,77) for BLU er klart signifikant ulik null ( $t$ -verdi er 7,8) Den same tendensen ser vi for FLU, om ikkje så sterk (3,99-3,90 er ulik null med  $t$ -verdi 2,5). Store tal på einingar gjer det sjølvsagt lett å få signifikante utslag på relative små skilnader, men funna kan tyde på at små høgskular har klart iverksetting av reforma betre enn dei store. Vi hadde eit tilsvarande funn første året som vi gjore greie for i første rapport «small is beautiful» (BLU 2014).



Figur 6.1 Studentane sine faglege utbytte i BLU og FLU fordelt etter storleik på institusjonen

Funnet om at BLU-studentane frå små institusjonar melder om betre utdanningskvalitet enn studentar frå store institusjonar kan ha fleire tolkingar. Ein gjeld *stordriftsulempe*. Funna kan indikere at store institusjonar samla sett ikkje gjer studentane like god utdanning med oppfølging og kort veg mellom lærar og student som små institusjonar. Om dette er rett kan det gje grunnlag for eit kritisk blick for sentraliseringsiveren i norsk høgare utdanning. Men funna kan også ha ein *mindre* heroisk tolking – ein forklaring knytt til *fagleg nivå*. Dersom mindre institusjonar held eit lågare faglig nivå slik norsk utdanningspolitikk for universitet og høgskule legg til grunn, så kan det og tenkast at lærarar har lågare krav til eigne studentar. Men ein slik tolking har som premiss at studentar som blir møtt med lågare krav frå sine lærarar er meir tilfreds enn dei som står overfor høgare krav frå sine lærarar. Eit slikt premiss kan være problematisk. Det skal i så fall innebera at lågare fagleg nivå systematisk skal gje meir tilfredse studentar.



Våre data viser store variasjonar mellom enkeltinstitusjonar. Snitt i fagleg utbytte som studentane rapporterer varierer frå gjennomsnittstal 4,39 til 3,41 for institusjonar som har meir enn 10 svar. Best gjennomsnitt i 2016 hadde UiT Norges Arktiske Universitet Campus Alta (4,19), Høgskulen i Nord Trøndelag (4,13), Høgskulen på Nesna (4,12), UiT Norges Arktiske Universitet Campus Tromsø (4,11) og Høgskulen i Sogn og Fjordane (4,08). Også i 2016, i reforma sitt tredje år, er variasjonane store.

## 6.2 Faglig utbytte – der du kjem i frå

Haldningar og erfaringar varierer ofte saman med trekk med biografi - der du kjem i frå. Gjeld det og for studentane? Våre data viser samvariasjon med fleire bakgrunnsvariablar. Det er statistisk påliteleg samvariasjon mellom nokre trekk ved studentane sin biografi og fagleg utbytte. Alder gjev positivt utslag for fagleg utbytte både for BLU-studentane og for FLU-studentane. Jo eldre studenten er – dess betre fagleg utbytte har dei erfart. Det er rimeleg å tenkje at eldre studentar er særleg motiverte og soleis får godt fagleg utbytte. Som vi har vist i avsnitt 6 er motivasjon viktig for fagleg utbytte – særleg hos dei kvinnelege studentane.

Samvariasjon ser vi også for kjønn. Kvinner melder om betre fagleg utbytte enn menn, - både for BLU- og FLU-studentane. Forskjell i rapportert utbytte er markant (Figur 6.2 og Figur 6.3).

Eit overraskande funn er at yrkeserfaring frå arbeid i barnehagen og målt med «minst ett år», samvarierer negativt med fagleg utbytte både for BLU og FLU-studentane. Kan vi forklare dette med at studentar med yrkeserfaring har større forventningar til utdanninga? Eller kan det være slik at praksisperiodane som mange studentar er nøgde med, ikkje er så relevante for studentar som alt har fartstid frå ein barnehage?

Far og mor si utdanning er ofte brukt som bakgrunnsvariablar. I våre data gjer berre far sin utdanning statistisk påliteleg samvariasjon med fagleg utbytte. Far sin utdanning slår negativt

ut for BLU-studentane. Kan det tenkast at ein far med høg utdanning ikkje tykkjer at det gjev nok prestisje at dottera eller sonen blir barnehagelærer?

Tabell 6.1: Fagleg utbytte BLU versus der studenten kjem frå (alder, kjønn, urbanitet, yrkeserfaring, mor og fars utdanning).

**Alle utval 2014-2016 sett under eitt BLU**

<i>Avhengig var: Fagleg utbytte</i>	Koeff.	St.feil	Student <i>t</i>	P> <i>t</i>	[95% konf. Interval]
Alder i 2016 (den eldste halvparten=1, dei yngste =0)	0,034	0,007	<b>4,9</b>	0,000	0,02 0,05
Kjønn (kvinner= 0, Menn = 1)	-0,021	0,010	<b>-2,2</b>	0,031	-0,04 0,00
By-land (by = 0, Land = 1)	-0,009	0,006	-1,5	0,131	-0,02 0,00
Yrkeserfaring (minst et år = 1, ellers = 0)	-0,012	0,008	-1,6	0,116	-0,03 0,00
Mor (har høyere utdanning = 1, ellers = 0)	-0,008	0,007	-1,2	0,214	-0,02 0,00
Far (har høyere utdanning = 1, ellers = 0)	-0,018	0,007	<b>-2,7</b>	0,008	-0,03 0,00
<i>Konstant</i>	1,341	0,007	<b>184,1</b>	0,000	1,33 1,36


$R^2$  justert = 0,02  $N = 4084$

Tabell 6.2: Fagleg utbytte FLU versus der studenten kjem frå (alder, kjønn, urbanitet, yrkeserfaring, mor og fars utdanning).


**Alle utval 2014-2016 sett under eitt FLU**

<i>Avhengig var: Fagleg utbytte</i>	Koeff.	St.feil	Student <i>t</i>	P> <i>t</i>	[95% konf. Interval]
Alder i 2016 (den eldste halvparten=1, dei yngste =0)	0,014	0,010	1,5	0,140	0,00 0,03
Kjønn (kvinner= 0, Menn = 1)	-0,048	0,014	<b>-3,6</b>	0,000	-0,08 -0,02
By-land (by = 0, Land = 1)	-0,023	0,008	<b>-2,8</b>	0,006	-0,04 -0,01
Yrkeserfaring (minst et år = 1, ellers = 0)	-0,008	0,011	-0,7	0,482	-0,03 0,01
Mor (har høyere utdanning = 1, ellers = 0)	-0,007	0,009	-0,8	0,451	-0,03 0,01
Far (har høyere utdanning = 1, ellers = 0)	-0,011	0,009	-1,2	0,232	-0,03 0,01
<i>Konstant</i>	1,370	0,010	<b>137,8</b>	0,000	1,35 1,39

$R^2$  justert = 0,02  $N = 1959$



Figur 6.2: Studentane sine faglege utbytte i BLU fordelt etter kjønn



Figur 6.3: Studentane sine faglege utbytte i FLU fordelt etter kjønn

## 7 Profesjonsorientering – der studentane ynskjer seg

Barnehagen er ein danningsarena i sosiale komplekse felt (Ødegaard 2012), ein sentral institusjon for siviliserande forming (Gilliam and Gulløv 2015). Barnehagelæraren er ein ny profesjon som lenge har vært i skuggen av lærarprofesjonen. Men den kraftige politiske prioriteringa av barnehagetilbodet har gjort førskulelæraren og barnehagelæreren meir synlege. Den nye verdsetjinga har gitt nye arbeidsplassar og auka kapasitet for utdanning. Sett i eit profesjonsperspektiv er det rimeleg å sjå på førskule/barnehagelærarprofesjonen som ein ny profesjon som framleis er inne i formative år. Liv Torunn Eik har skildra «barnehagelærere (..) som en profesjon under press» (Eik 2015: 129). Barnehagelæraren blir kvalifisert i utdanninga og i sin praksis etter utdanning. Dette er ein langvarig prosess for å utvikle allsidig kompetanse, både spesialist- og generalistkompetanse. Overgang frå student til praktiserande profesjonsutøvar har vært skildra som «Det store spranget».

«-Er førskulelærerutdanningen først og fremst en sertifisering som gir adgang til bestemte stillinger i barnehagen eller gir den også profesjonell kompetanse som har betydning for arbeidsdelingen mellom førskulelærere og assistenter og deres opplevelse av mestring av yrket?» Profesjonsforskar Jens Smeby spør (Smeby 2011).

I vår studie har vi samla kunnskap om studentane si *profesjonsorientering*. - I kva grad identifiserer dei seg med sitt yrke? I kva grad ser dei fram til at barnehagelæreryrket vert det yrket dei står i åra framover. Vi har og studert studentane sine ambisjonar om vidare utdanning innan kunnskapsfeltet for barnehagelærar - deira *profesjonsambisjonar*. Til sist har vi studert studentane sine tankar for ein mogeleg exit frå profesjonen. I kva grad tenkjer studentane FLU-/BLU- utdanninga som ein første utdanning til eit yrke som dei seinare tenkjer å forlate. Dette er vår *nomadevariabel*. Samlevariablane er sett saman som vist i Tabell 7.1.

Tabell 7.1: Konstruksjon av tre omgrep for profesjonsorientering

Prøv å forestilla deg livet om fem år, kor sannsynleg er det at utsagnna nedanfor passar

	Gj. Snitt	St.avvik	<i>korrelasjonar</i>			
			1	2	3	4
<b>Profesjonsorientering - Cronbacs alfa = 0,73</b>						
1 Eg har ei jobb eg trivs med	4,56	0,642	1,000			
2 Arbeid er ein viktig del av livet mitt	4,43	0,713	0,550	1,000		
3 Eg arbeidar i barnehagen	4,29	1,012	0,476	0,350	1,000	
4 Eg har leiaransvar	4,20	0,924	0,413	0,369	0,434	1,000
<b>Profesjonsambisjoner - Cronbacs alfa = 0,73</b>						
	Gj. Snitt	St.avvik	1	2		
1 Eg har fullført mastergrad innan barnehagefeltet	2,54	1,259	1,000			
2 Eg har teke vidareutdanning innan barnehagefeltet	3,15	1,219	0,573	1,000		
<b>Nomadar - Cronbacs alfa = 0,66</b>						
	Gj. Snitt	St.avvik	1	2	3	4
1 Eg har teke annan utdanning	1,76	1,084	1,000			
2 Eg arbeidar med noko anna enn det eg utdanna meg for	1,83	1,037	0,496	1,000		
3 Eg arbeidar i grunnskulen	2,19	1,154	0,239	0,272	1,000	
4 Eg arbeidar i SFO / AKS	1,84	0,998	0,154	0,242	0,578	1,000

Profesjonsorientering for BLU-studentane har statistisk påliteleg samvariasjon med alder, yrkeserfaring og kjønn. Jo eldre studenten er, jo meir yrkeserfaring og dess meir profesjonsorientering har studentane. Kvinner har sterkare orientering mot eiga profesjon enn menn. Profesjonsorientering er og sterkt kopla til erfart fagleg utbytte og til indre motivasjon (Tabell 7.2).

Korleis har BLU-reforma påverka profesjonsorienteringa? Om vi ser på tala for FLU-studentane frå 2014, 2015 og 2016 ser vi at alder betyr mindre, men dei andre faktorane viser koeffisientar som er mykje like. Det lågare talet på respondentar gjer at færre faktorar samvarierer statistisk signifikant (Tabell 7.3).

Tabell 7.2: Profesjonsorientering BLU

**Alle utval 2014-2016 sett under eitt BLU**

<i>Avhengig var: Profesjonsorientering</i>	Koeff.	St.feil	Student <i>t</i>	P> <i>t</i>	[95% konf.	Interval]
Alder i 2016 (den eldste halvparten=1, dei yngste =0)	0,023	0,005	<b>4,6</b>	0,000	0,01	0,03
By-land (by = 0, Land = 1)	0,001	0,004	0,2	0,812	-0,01	0,01
Yrkeserfaring (minst et år = 1, ellers = 0)	0,028	0,005	<b>5,1</b>	0,000	0,02	0,04
Kjønn (kvinner= 0, Menn = 1)	-0,035	0,007	<b>-5,0</b>	0,000	-0,05	-0,02
Mor (har høyere utdanning = 1, ellers = 0)	-0,001	0,005	-0,2	0,848	-0,01	0,01
Far (har høyere utdanning = 1, ellers = 0)	0,006	0,005	1,2	0,251	0,00	0,02
Stor institusjon (stor=1, ellers =0) i forhold til middels stor)	-0,002	0,005	-0,4	0,679	-0,01	0,01
Liten institusjon (liten=1, ellers =0) i forhold til middels stor)	-0,003	0,006	-0,5	0,628	-0,01	0,01
Kommunikativ læring (log-skala)	0,032	0,020	1,6	0,103	-0,01	0,07
Læring for læring (log-skala)	-0,005	0,010	-0,5	0,598	-0,02	0,01
Læring for samfunnsforståelse og dannelse (log-skala)	0,056	0,018	<b>3,1</b>	0,002	0,02	0,09
Læring for organisering av eige arbeid (log-skala)	-0,027	0,010	<b>-2,6</b>	0,010	-0,05	-0,01
Fagleg utbytte (log-skala)	0,146	0,015	<b>9,9</b>	0,000	0,12	0,17
Indre - motiverte (log-skala)	0,672	0,027	<b>25,2</b>	0,000	0,62	0,72
Ytre - motiverte (log-skala)	-0,193	0,015	<b>-12,6</b>	0,000	-0,22	-0,16
<i>Konstant</i>	0,409	0,038	<b>10,8</b>	0,000	0,33	0,48

$R^2$  justert = 0,26 N = 4024

Tabell 7.3: Profesjonsorientering FLU

**Alle utval 2014-2016 sett under eitt FLU**

<i>Avhengig var: Profesjonsorientering</i>	Koeff.	St.feil	Student <i>t</i>	P> <i>t</i>	[95% konf.	Interval]
Alder i 2016 (den eldste halvparten=1, dei yngste =0)	0,001	0,007	0,2	0,877	-0,01	0,02
By-land (by = 0, Land = 1)	0,000	0,006	0,0	0,983	-0,01	0,01
Yrkeserfaring (minst et år = 1, ellers = 0)	0,026	0,008	<b>3,2</b>	0,001	0,01	0,04
Kjønn (kvinner= 0, Menn = 1)	-0,024	0,010	<b>-2,4</b>	0,018	-0,04	0,00
Mor (har høyere utdanning = 1, ellers = 0)	-0,007	0,007	-1,0	0,305	-0,02	0,01
Far (har høyere utdanning = 1, ellers = 0)	-0,005	0,007	-0,7	0,505	-0,02	0,01
Stor institusjon (stor=1, ellers =0) i forhold til middels stor)	-0,013	0,007	-1,8	0,070	-0,03	0,00
Liten institusjon (liten=1, ellers =0) i forhold til middels stor)	-0,011	0,008	-1,4	0,166	-0,03	0,00
Kommunikativ læring (log-skala)	0,033	0,030	1,1	0,270	-0,03	0,09
Læring for læring (log-skala)	-0,003	0,015	-0,2	0,826	-0,03	0,03
Læring for samfunnsforståelse og dannelse (log-skala)	0,017	0,028	0,6	0,539	-0,04	0,07
Læring for organisering av eige arbeid (log-skala)	0,016	0,014	1,1	0,254	-0,01	0,04
Fagleg utbytte (log-skala)	0,135	0,022	<b>6,2</b>	0,000	0,09	0,18
Indre - motiverte (log-skala)	0,718	0,039	<b>18,5</b>	0,000	0,64	0,79
Ytre - motiverte (log-skala)	-0,209	0,021	<b>-9,9</b>	0,000	-0,25	-0,17
<i>Konstant</i>	0,384	0,054	<b>7,1</b>	0,000	0,28	0,49

$R^2$  justert = 0,25 N = 1946

